

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 29.05.2018
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møte i kommunale organ skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 22.05.2018

Camilla Storøy
Fung. ordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 97/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 98/18	Protokoll frå førre møte
PS 99/18	Delegerte saker
PS 100/18	Referatsaker
PS 101/18	Endringar i plan for å klargjere forholdet mellom einebustadar og tomannsbustadar
PS 102/18	Planforslag: Detaljreguleringsplan for Fv20 Nerlandsøybrua
PS 103/18	Planforslag: Reguleringsendring av områdereguleringsplan for indre Bergsøy.

DS 17/18

Delegerte saker frå avdelingane

Mellombels bruksløyve - 26/189

RS 22/18

Referatsaker


Høyring om avhending av statlege fiskerihamner i kommunen - Herøy kommune - Møre og Romsdal fylke

PS 97/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 98/18 Protokoll frå førre møte

PS 99/18 Delegererte saker

PS 100/18 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2018/557
		Arkiv:	L71

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
101/18	Formannskapet	29.05.2018

ENDRINGAR I PLAN FOR Å KLARGJERE FORHOLDET MELLOM EINEBUSTADAR OG TOMANNSBUSTADAR

Tilråding:

Formannskapet ber administrasjonen om å vurdere om det skal gjerast endringar i føresegna til reguleringsplan for Dragsund 197801 før ein tek til på neste byggetrinn.

Særutskrift:
Dragsund grendalag

Vedlegg

- 1 Retningslinjer for kommunale bustadtomter i Dragsund
- 2 Klage etter plan - og bygningslova.

Samandrag av saka:

Grendalaget i Dragsund har sendt eit spørsmål til Herøy kommune vedr. Retningslinjer for kommunale bustadtomter i Dragsund.

Grendalaget ynskjer at det vert set begrensingar slik at det ikkje vert høve til å setje opp fleirmannsbustadar på tomter som er tiltenkt frittliggjande bustadar.

Rådmannen rår til at Formannskapet gjev administrasjonen høve til å vurdere om det skal leggst begrensingar på tomtene før neste byggetrinn.

Saksopplysningar:

Grendalaget i Dragsund har i epost til Herøy kommune 18.04.2018 stilt spørsmål ved om kommunen kan revidere retningslinjene for å begrense kommersielle aktørar si moglegheit til å kjøpe tomter for å setje opp fleirmannsbustadar.

Dei skriv at i byggefeltet i Dragsund er det allereie ei overvekt av bueiningar som er fleirmannsbustadar og i siste byggetrinn ynskjer dei klare retningslinjer og føresegner som syter for at private personar får førsterett på tomtene.

Vurdering:

Slik saka framstår er den ikkje unik i sitt slag. Spørsmålet om etablering av fleirmannsbustadar på einebustadtomter er eit gjentakande spørsmål som rådmannen meiner det er rett å stille.

I denne saka må ein likevel vere klar over nokre vesentlege forskjellar i type bygningar og uttrykk.

Småhus – fellesbetegnelse på frittliggjande og samanbygde bustadhus med inntil tre målbare plan.

Einebustad – Frittliggjande bygning som er berekna på ein husstand.

Einebustad med utleigedel/sekundærleilighet - Frittliggjande bygning som er berekna på ein husstand, men som også inneheld ein del som kan benyttast som ein sjølvstendig eining med alle naudsynte funksjonar.

Tomannsbustad – Frittliggjande bygning berekna for to husstandar, med to tilnærmet like store og likeverdige bueiningar. Tilsvarende kan begrepet tre- eller firemannsbustadar nyttast.

Kjedehus – Bygning der to eller fleire sjølvstendige bueiningar er bygd saman med mellom bygg, som regel garasje/carport, utebod eller liknande.

Rekkehus – Bygning med tre eller fleire sjølvstendige bueiningar bygd saman i ei samanhengande rekke med vertikalt skilje (felles skillevegg) mellom dei enkelte bueiningane. Kvar bueiningar har eigen inngang.
(Definisjonar er henta frå *Grad av utnytting 20.01.2014 s. 12*)

Rådmannen viser til Grad av utnytting 20.01.2014 der uttrykket «fleirmannsbustad» ikkje er ein definisjon som bør nyttast. Rådmannen tolkar «fleirmannsbustad» til å vere bueining med 3 eller fleire einingar. For bueiningar med to eller færre bueiningar bør ein nytte omgrepa som er vist ovanfor.

I Dragsundfeltet (reguleringsplan Dragsund PlanID197801) har Herøy kommune registrert følgjande bygningar:

- 49 einebustadar (evt. med sekundærleiligheit)
- 11 tomannsbustadar (22 bueiningar)
- 1 tremannsbustad (3 bueiningar)
- 1 kjedehus med fire bygg (5 bueiningar)
- 2 rekkehus (6 bueiningar)

Rådmannen tolkar brevet frå Dragsund grendalag slik at dei også reknar tomannsbustadar som «fleirmannsbustadar» og utan inngåande kjennskap til definisjonane er det forståeleg.

Reguleringsplan for Dragsund vart eigengodkjend i kommunestyret 07.02.1978, K-sak 7/78. Planen er såleis av dei eldre i kommunen og det er også føresegna til planen som styrer korleis tomtene kan utnyttast.

I føresegna til planen står det følgjande om området med frittliggjande bustadar:

FØRESEGN FOR OMRÅDE MED FRITTLIGGJANDE BUSTADAR

§ 10

I området skal det byggast frittliggjande bustadhus i 1 etasje. Der terrengetilhøva gjer det naturleg, kan bustadhusa innreias med bustadrom i underetasje. Høyder til gesims skal ikkje vere over 3.5 meter for hus med ei høgd og 6 meter for hys med ei høgd + underetasje. Gesimshøgda vert målt frå høgstliggjande ferdigplanert terreng. Bygningsrådet kan tillate mindre endringar av høgdene.

Definisjonen av «frittliggjande bustadhus» har vore gjenstand for ei klagesak som gjekk til Fylkesmannen i 2009.

Rådmannen siterer frå brev frå fylkesmannen datert 05.11.2009:

Kva som fell inn under omgrepet «frittliggjande bustadhus» må avgjerast ut frå ei ordlydsfortolkning. Det er på det reine at omgrepet «bustadhus» vert nytta som ein samlebetegnelse på ulike typar bygningar for permanent busetnad, og at omsøkte tomannsbustad såleis går inn under dette. Når det gjeld «frittliggjande» tilseier dette at ein har meint å trekkje ei grense mot bustadar i kjede eller rekkje, og ikkje fleire bueiningar i same bygg. I retleiar til grad av utnytting av miljøverndepartementet, kommunal- og regionaldepartementet og Statens byggtkniske etat av 2007 er frittliggjande bygningar definert som einebustadar og horisontalt og vertikalt delte tomannsbustadar.

Etter dette finn fylkesmannen at tomannsbustaden fell inn under omgrepet «frittliggjande bustadhus». ...

For planar som då har nytta uttrykket «frittliggjande bustadhus» i føresegna til planen vil ein såleis ha opna for etablering av tomannsbustadar.

Herøy kommune har ein uttalt ambisjon om å bli 10 000 innbyggjarar innan 2020. Rådmannen tolkar dette ikkje strengt ift. å nå eit tal innbyggjarar, men at administrasjonen skal arbeide for etablering og busetting. Det å ha føresegner som opnar for at det kan etablerast både einebustadar og tomannsbustadar gir ein viss fleksibilitet til å imøtekomme behova i marknaden.

Det vil såleis både vere fordelar og ulemper for kommunen som lokalsamfunn uansett kva løysing ein vel.

Dersom ein vel å halde på føresegna slik det er no vil ein opne både for einebustadar og tomannsbustadar. Dette er positivt ved at feltet er fleksibelt for å imøtekomme behovet i marknaden, men vere ei ulempe for dagens bebuarar då dei ikkje veit om det kjem ein einebustad eller ein tomannsbustad.

Dersom ein vel å endre føresegna til å avgrense moglegheita for tomannsbustadar vil feltet verte mindre fleksibelt i forhold til behovet i marknaden, men potensielt positivt for bebuarane då dei har kjennskap til at feltet berre skal utviklast med einebustadar.

Konklusjon:

For å avgrense moglegheita for etablering av tomannsbustadar i eit byggefelt vil ein måtte utarbeide føresegner eller gjere ei reguleringsendring av gjeldande føresegner og bruke «einebustad» eller «einebustad med utleigedel/sekundærleilighet».

Dersom Formannskapet ynskjer å imøtekomme bebuarane i Dragsundfeltet vil Formannskapet måtte starte arbeid med reguleringsendring av føresegna for Dragsund planen.

Rådmannen rår til at Formannskapet utset arbeidet og ber administrasjonen vurdere behovet for endring i føresegna før ein tek til på neste byggetrinn.

Fosnavåg, 08.05.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]
Sendt: 19.04.2018 10:23:04
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Retningslinjer for kommunale bustadtomter i Dragsund

----- Forwarded message -----

From: "grendalag@dragsund.com grendalag@dragsund.com" <grendalag@dragsund.com>
Date: Wed, Apr 18, 2018 at 10:31 PM +0200
Subject: Retningslinjer for kommunale bustadtomter i Dragsund
To: "Jarl Martin Møller" <jarl.martin.moller@heroy.kommune.no>

Hei Jarl Martin,

Visar til samtalar angående retningslinjer for kommunale bustadtomter i Dragsund. Vi i Dragsund Grendalag har eit ynskje om at retningslinjene vert revidert då vi ser at det vert seld for mykje tomter til kommersielle aktørar som nyttar høvet til å setje opp fleirmannsbustadar for vidare sal til privatpersonar.

I byggjefeltet i Dragsund er det to byggjetrinn der det allereie er ein overvekt av bueiningar som er fleirmannsbustadar. I siste trinn meiner vi derfor at det skal vere klare retningslinjer og føresegner som syter for at private personar får førsterett på tomtene.

Slik det er no så er det likestilt mellom privatpersonar og utbyggjarar, og erfaringsmessig veit vi at kommersielle utbyggjarar sit klare til å kjøpe nye kommunale bustadstomter så raskt så råd når dei kjem ut på marknaden. Noko privatpersonar ikkje har moglegheit til.

Eksempler på forslag:

- Begrensa antall og tomter utsett til fleirmannsbustadar i trinn tre.
 - Sjå t.d. Praksis i bustadfelt på Legehaugane, Dimna: «Tomtene skal seljast til kjøparar som bygg bustadhus “til eige bruk” på tomta. Tomt 24 er for konsentrert utnytting som firma kan søkje om tildeling på.»

- På bustadtomter som er regulert for einebustad kan ein ikkje kjøpe tomter med erverv som føremål, dette gjeld for både privatpersonar og føretak.

Mvh

Henriette Sjøstad

/ på vegne av Dragsund Grendalag



Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

2008/320

OR

21/93

11

Herøy kommune - klage etter plan- og bygningsloven - gnr 20 bnr 92 og 93 - tiltakshavar: Tømrrer Service AS

Eg viser til kommunen sin ekspedisjon av 25.05.09.

Tømrrer Service AS har den 19.02.09 søkt om dispensasjon for oppføring av tomannsbustad på gnr 20 bnr 92 og 93.

I møte den 09.09.08 har Fast utval plansaker, under sak nr 74/08, gitt løyve som omsøkt.

Nabo Raymond Eide vart ved ein inkurie først varsla om vedtaket i brev av 13.03.09. Han påklaga vedtaket ved brev datert 17.03.09. Som grunnlag for klagen er det i det vesentlegaste vist til at argumenta er dei same som tidlegare. I nabomerknaden av 18.01.08 er det hevda at byggefeltet er regulert til einebustader. Klager viser også til at det allereie er fleire tomannsbustader i nærleiken, og at han ikkje ønskjer at det skal bli fleire. Klagar hevder det er ein tendens i større gjennomtrekk for tomannsbustader enn einebustader, noko som han hevder kan føre til dårlegare naboforhold. Klagar meiner dette også kan medføre at den generelle verdiauka av eksisterande einebustader kan bli redusert.

Fast utval plansaker behandla klagen i møte den 05.05.09 og under sak nr 35/09 har dei halde fast på vedtaket i sak nr 74/08. I medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 15 er saka etter dette oversend fylkesmannen som klageorgan.

Når det gjeld bakgrunnen for saka elles viser eg til saksdokumenta.

Fylkesmannens merknader:

Klagen er framsett innafor lovbestemt klagefrist og vilkåra for å behandle dette som klagesak er oppfylt. Fylkesmannen kan etter dette prøve alle sider ved saka og dersom klagen vert tatt til følgje kan eg endre vedtaket eller oppheve det og sende saka tilbake for ny behandling i kommunen.

Tiltaket er planlagd utført på eit område som er omfatta av godkjend reguleringsplan av 30.09.76. I planen er området utlagt til bustadbygg, felt E. Med heimel i pbl. § 26 er det i reguleringsføresegnenes § 10 gitt ei rettsleg bindande føresegn til planen om at: " i områda skal det byggast frittliggjande bustadhus i 1. etasje. Der terrenghøva gjer det naturleg, kan

bustadhusa innreist med bustadrom i underetasjen. Høgder til gesims skal ikkje vere over 3,5 meter for hus med ei høgd og 6 m for hus med ei høgd + underetasje. Gesimshøgda vert målt frå høgstliggjande ferdigplanert terreng."

Vedlagte byggeteikningar viser at bustaden ligg innanfor reguleringsføresegnenes krav om maks gesimshøgde. Det avgjerande spørsmålet vidare vert dermed om tiltaket går inn under arealbruksformålet "frittliggjande bustadhus".

Kva som fell inn under omgrepet "frittliggjande bustadhus" må avgjerast ut frå ei ordlydsfortolking. Det er på det reine at omgrepet "bustadhus" vert nytta som ein samlebetegnelse på ulike typar bygningar for permanent busetnad, og at omsøkte tomannsbustad såleis går inn under dette. Når det gjeld "frittliggjande" tilseier dette at ein har meint å trekkje ei grense mot bustader i kjede eller rekkje, og ikkje fleire bueningar i same bygg. I rettleiar til grad av utnytting av miljøverndepartementet, kommunal- og regionaldepartementet og Statens byggtkniske etat av 2007 er frittliggjande bygningar definert som einebustader og horisontalt og vertikalt delte tomannsbustader.

Etter dette finn fylkesmannen at tomannsbustaden fell inn under omgrepet "frittliggjande bustadhus". Tiltaket er soleis i tråd med planas arealbruksformål.

Etter dette kan fylkesmannen ikkje sjå at kommunens vedtak er i strid med plan- og bygningslovgivinga og eg finn difor ikkje grunnlag for å endre kommunens vedtak. Klaga har såleis ikkje ført fram.

Fylkesmannens vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 15, jf. forvaltningslova § 34 og Fellesrundskriv T-8/86 frå Kommunaldepartementet og Miljøverndepartementet, stadfestar fylkesmannen Herøy kommunes vedtak i sak nr 74/08.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast vidare, jf. forvaltningslova § 28.

Partane er underretta om vedtaket ved kopi av dette brevet.

Saksdokumentene følgjer vedlagt i retur.

Med helsing



Marit Heggstad (e.f.)
Avdelingsdirektør




Linn Hilde Haukeberg

Vedlegg: saksdokumentene

Kopi:

Raymond Eide 6095 Bølandet
Tømrer Service AS Snippa 6 6100 Volda



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2012/2425
		Arkiv:	Q80

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
102/18	Formannskapet	29.05.2018

PLANFORSLAG: DETALJREGULERINGSPLAN FOR FV20 NERLANDSØYBRUA

Tilråding:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10 å leggje detaljreguleringsplan for Fv20 Nerlandsøybrua ut til offentlig ettersyn i minst seks veker.

Særutskrift:

Statens vegvesen
Møre og Romsdal Fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Kystverket
NVE
Landbrukskontoret
Mattilsynet

Vedlegg:

- 1 12-2425 Fv. 20 Nerlandsøybrua - Planomtale 110518
- 2 12-2425 Føresegner Fv20 Nerlandsøybrua
- 3 12-2425 Plankart 1-4

Saksopplysningar:


Statens vegvesen vil erstatte dagens bru over Søre Vaulen mellom Igesund og Kvalsund. Brua er planlagt å vere 610 meter lang med tilhøyrande vegar på begge sider av brua.

Planområdet er i stor grad dyrka mark, sjøareal og hamneområde. Planen inkluderer også detaljreguleringsplanen for Kvalsund hamn som kommunen starta på med eit planforslag til offentlig ettersyn i 2012. Denne er i hovudsak ført vidare, men justert noko i forhold til den planlagde brua, samt innkomne merknader til planhøyringa frå 2012. Planområdet har også fleire registrerte kulturminne og det har vore utgravingar i området (mellom anna det kjende «Kvalsundskipet»). Det er skissert fleire registreringar og utgravingar før ny bru kan byggast.

Samferdselsutvalet gjorde vedtak om val av alternativ 10 – bru over hamna på Kvalsund med maksimalt 20 meter seglingshøgde. Planlagt breidde på vegen er 7,5 meter (inkludert vegskulder). I tillegg kjem ein gang- og sykkelveg med 3 meter breidde. Ny veg er utforma etter standardklasse Hø2. Dimensjonerande trafikk som er lagt til grunn er 2500 køyretøy/døgn 20 år etter opning.



Figur 1: Planområdet.



Figur 2: Status i kommuneplanen sin arealdel.

Den nye brua vil saman med tilhøyrande nytt vegareal ta beslag på om lag 15 daa landbruksjord, samstundes som den vil gå over småbåthamna på Kvalsund. Her vert det truleg større utfordringar for særleg seglbåtar å manøvrere i hamnebassenget.

Arealformål i reguleringsplanen:

Bustader (B):

Bustadområde på Kvalsund (etablert).

Sentrumsformål (BS):

Omfattar eit område kring Kleiva som i kommuneplanen sin arealdel har sentrumsformål. Dette vert vidareført i detaljplanen.

Næringsbygningar (BN):

Næringsareal på Kvalsund. Skal vere retta mot maritim næring etter innspel frå Kystverket. Hamna har status som fiskerikai, dette gjeld både sjø- og landareal kring hamna.

Småbåtanlegg i sjø og vassdrag (BSB):

Omfattar småbåthamna på Kvalsund

Naust (BUN):

Omfattar naust kring Kvalsund hamn, både eksisterande og nye naust.

Kontor og industri (BKB):

Omfattar eit område på Kvalsund, sør for ny veg som er avsett til kombinert formål – Kontor- og industri.

Samferdselsanlegg:

Her er teknisk infrastruktur som køyreveggar, gang- og sykkelveggar, grøntareal, haldeplassar og kaier m. m. omtalt.

Omsynssoner:

H370: Faresone høgspenningsanlegg, høgspenningskablar.

H570 og H730: Bevaring/bandlegging av automatisk freda kulturminne.

Områdeføresegner:

Melombels anleggs- og riggområde, #: Omfattar areal som kan nyttast til mellombels massedeponi og riggområde. Areala skal tilbakeførast til underliggende arealformål (sjå plankart) etter anleggsperioden er avslutta.

Automatisk freda kulturminne, RpBO: Areal som skal gravast ut og registrerast før anleggsarbeidet vert igangsett.

Vurdering:

Statens vegvesen har utarbeidd eit planforslag som vil betre landtilkomsten til Nerlandsøy i stor grad. Det er særst positivt at det no er lagt opp til etablering av gang- og sykkelveg forbindelse over Søre-Vaulen. Det er lagt opp til vidare utvikling av naustområdet kring hamna på Kvalsund, men ein ser samstundes at etablering av ny bru kan skape meir utfordringar for manøvrering i hamnebassenget, dette gjeld særleg for seglbåtar. Totalt sett vurderer rådmannen det til at planen gir eit stort løft til både samferdsel og hamneområdet.

Konklusjon:

Rådmannen har følgjande innstilling:

«Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10 å leggje detaljreguleringsplan for Fv20 Nerlandsøybrua ut til offentleg ettersyn i minst seks veker».

Fosnavåg, 11.05.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Ole Magne Rotevatn
Avd.leiar

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand

FORSIDE

Planomtale offentlig ettersyn

Reguleringsplan fv. 20 Nerlandsøybrua

FORORD

Statens vegvesen Region midt har i samarbeid med Herøy kommune utarbeidd reguleringsplan for fv. 20 Nerlandsøybrua. Planen omfattar ny bru over søre Vaulen i ei lengde på 610 meter med tilhøyrande vegar på begge sider av brua. Det vil også bli lagt til rette for å etablere gang- og sykkelveg frå Igesund og over brua til Kvalsund på Nerlandsøya.

Målsettinga med planarbeidet er å skaffe eit formelt grunnlag for å kunne bygge ny bru over søre Vaulen til Nerlandsøya. Planen er utarbeidd som ei detaljregulering etter § 12-3 i plan- og bygningslova.

Reguleringsplanen skal vise tiltaket og bruk av dei areala som vert berørte. Reguleringsplan gjev også rettsleg grunnlag for gjennomføring av tiltak og utbygging, blant anna ved eventuell ekspropriasjon av grunn.

Statens vegvesen har gjennomført planarbeidet gjennom ei prosjektgruppe leia av ein planprosjektleder og ein assisterande planprosjektleder. Gruppen har hatt med seg ei rekkje interne fagpersonar med kompetanse innan bla. vegplanlegging, bru/konstruksjonar, landskap, geoteknikk, utbygging, drift-/vedlikehald, arkeologi/kulturminne og grunnnerv.

Vidare har følgjande ekstern kompetanse vore involvert i planlegginga:

Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga – Arkeologiske registreringar

Asplan Viak AS – støyvurderingar

Rambøll AS - Skipsstøtsanalyse

Kommunen har delteke i planarbeidet ved at kontaktpersonane har vore involvert ved spørsmål/avklaringar, folkemøter og arbeidsmøter undervegs.

Oppstart av planarbeidet vart meldt i mai 2016. Det vart samtidig sendt brev med varsel om oppstart til grunneigarar, organisasjonar og offentlege etatar. Ope informasjonsmøte vart gjennomført den 8. juni 2016 på rådhuset i Fosnavåg.

Reguleringsplanen er utarbeidd som ein detaljregulering etter plan- og bygningslovas § 12-3. Den formelle planbehandlinga skjer i samsvar med §§ 3-7 og 12-10 i plan- og bygningslova. Etter vedtak i Herøy kommune legg Statens vegvesen reguleringsplanforslaget ut til offentlig ettersyn. Planforslaget vert lagt ut til offentlig ettersyn på følgjande stadar:

- Herøy kommune, kommunehuset
- Plandokumenta er også tilgjengelege på prosjektet si nettside:
<https://www.vegvesen.no/Fylkesveg/fv18fv20heroybruer>
- Samt på kommunen sine nettsider.

Planen vert sendt grunneigarar, organisasjonar og andre berørte til uttale. Samtidig vert planen sendt til uttale hos offentlege høyringsinstansar som har sine fagområde å ivareta i området.

Statens vegvesen mottar og handsamar alle merknader til planforslaget i samarbeid med Herøy kommune og gjer eventuelt endringar i planen. Ved store endringar vert planen lagt ut til andre gongs offentlig ettersyn. Til slutt vil reguleringsplanen bli lagt fram for slutthandsaming i Herøy kommune. Kommunen sitt planvedtak i kommunestyret kan påklagast.

Spørsmål til planforslaget kan rettast til Statens vegvesen ved:

- Planprosjektleder Rolf Arne Hamre, e-post: rolf.hamre@vegvesen.no, tlf. 22073000 / 909 22 459
- Planprosjektleder Gisle Fossen, e-post: gisle.fossen@vegvesen.no, tlf. 22073000 / 975 11 892

eller kommunen sin kontaktperson:

- Planlegger Erlend Sporstøl Vikestrand, e-post erlend.sporstol.vikestrand@heroy.kommune.no tlf. 70081300 / 94159680

Merknader til planforslaget skal sendast til:

Statens vegvesen Region midt

Postboks 2525

6404 Molde

E-post: firmapost-midt@vegvesen.no

Plandokumenta omfattar:

Planomtale (dette dokumentet)

Reguleringsføresegner

Reguleringsplankart, datert 23.03.2018

Tekniske teikningar:

- Oversiktsteikningar, B001
- Plan- og profilteikningar, C001 - C003
- Normalprofil og overbygning, F001
- Støyrapport med støysonekart, X001 og X002

Andre vedlegg:

- Forprosjekt bru
- Skipsstøtsanalyse

Alle dokument blir lagt ut på prosjektet si nettside.

INNHALD	
FORORD	2
1 BAKGRUNN	4
1.1 Bakgrunn for prosjektet	4
1.2 Gjennomført forprosjekt løysingsval (konsept)	4
1.3 Planområdet	5
1.4 Målet med planen	5
2 PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	5
3 PLANSTATUS OG RAMMEVILKÅR	5
3.1 Gjeldande plansituasjon	5
4 SKILDING AV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE FORHOLD	6
4.1 Arealbruk	6
4.2 Landskapsbilde	7
4.3 Kulturminne	7
4.4 Naturmangfald	8
4.5 Nærmiljø/Støy	8
4.6 Risiko- og sårbarheit	9
4.7 Grunnforhold	9
4.8 Trafikkforhold	9
4.9 Naturressursar	10
5 OMTALE AV PLANFORSLAGET	10
5.1 Føresetnader og standardval	10
5.2 Vurderte alternativ i forprosjektet	11
5.2.1 Fjelltunnel	11
5.2.2 Betongtunnel	11
5.2.3 Bru parallelt med eksisterende bru	11
5.2.4 Bru over båthamna (valt alternativ)	12
5.3 Arealformål og områdeføreseger i plankartet.	12
5.3.1 Bygningar og anlegg	12
5.3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	12
5.3.3 Grøntstruktur	13
5.3.4 Landbruk-, natur- og friluftsområde	13
5.3.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag	13
5.3.6 Omsynssoner	13
5.3.7 Områdeføreseger	13
5.4 Planlagt arealbruk	13
6 VERKNADAR AV PLANFORSLAGET	14
6.1 Trafikale forhold og trafiksikkerheit	14
6.2 Forslag til omklassifisering av eksisterande veggrunn	15
6.3 Byggegrenser	15
6.4 Landskapsbilde	15
6.5 Kulturminne og kulturmiljø	15
6.6 Naturmangfald	16
6.7 Nærmiljø/støy	16
6.8 Naturressursar	17
6.9 Barn og unge sine interesser	17
6.10 Universell utforming	17
6.11 Teknisk infrastruktur	17
6.12 Massehandtering	17
6.13 Risiko- og sårbarheit (ROS)	17
6.13.1 Sjekkliste	17
6.13.2 Geotekniske forhold	20
6.13.3 Konsekvensar i anleggsfasen	20
6.14 Økonomiske verknader for kommunen	20
7 GJENNOMFØRING AV GODKJENT REGULERINGSPLAN	20
7.1 Gjennomføring	20
7.2 Grunnerverv	20
7.3 Ytre miljøplan (YM) for byggefasen	20
8 INNKOMNE MERKNADER	21
8.1 Innspel til planarbeidet ved oppstart	21

1 BAKGRUNN

1.1 Bakgrunn for prosjektet

Nerlandsøybrua er ei 405 meter lang betongbru som bind saman Bergsøya i sørvest med Nerlandsøya i nordvest. Ny bruløysing skal erstatte dagens samband til Nerlandsøya. Brua skal ha separat felt for gang- og sykkelveg, slik at framkommlegheit er sikra for mjuke trafikantar. Ny bruløysing skal ikkje medføre store konflikhtar med avviking av trafikken i anleggstida.



FIGUR 1.1.1 OVERSIKTSKART

Nerlandsøybrua tilhøyrer bruer som ble bygd på 60-70 talet som har slanke konstruksjonar, liten betongoverdekning og relativt låge sementmengder. Alle desse faktorane bidreg til at fleire av bruene slit med korrosjonsskader. Det er gjennomført tilstandsregistrering av eksisterande bru over fleire år. Nerlandsøybrua har skader grunna armeringskorrosjon. For å stoppe armeringskorrosjonen er montering av katodiske anlegg ein metode som er brukt i Norge. Det er vanskeleg å få gode resultat med tradisjonelle betongreparasjonar. Eksisterande katodisk anlegg frå 90-tallet er utslitt og gir berre delvis beskyttelse av armeringa på brua. Over tid vil dette føre til blant anna avskalingar av betong, tverrsnittreduksjon av armering og ein reduksjon av berevne som den mest kritiske konsekvensen. Ved å bruke katodisk beskyttelse kan ein forlenge levetida til ein konstruksjon eller konstruksjonsdel dersom den er infisert av klorider. På denne type bru er det mest sannsynlig berre katodiske anlegg med ledande maling som kan nyttast. Brua ligg i vêrhardt strøk, og det er få katodiske anlegg som er robuste nok til å klare påkjenningane her. Då brua har riss m.m., kan det vere tvil om det kan monterast eit fullgodt katodisk anlegg.

Nerlandsøybrua har ei seglingsled som er 20 meter høg (over spring høgvatn), 19 meter brei og 5 meter djup. Både Kystverket og kommunen har signalisert ønskjer om bru med høgare seglingshøgde enn det ein har i dag. Dette er bakgrunnen for at i forprosjektet også vart sett på andre løysingar som alternativ til bru, bl.a. fjelltunnel og betongtunnel.



FIGUR 1.1.2 NERLANDSØYBRUA

Eksisterande Nerlandsøybrua er smal (3,5 m mellom kantstein) med eit skarpt og uoversiktleg høgbrekk. På toppen av brua er det ein 6,0 meter brei møteplass. Dette medfører at det har vore problem med trafikkavviklinga når bilar møter kvarandre på brua, og det er lite tilrettelagt for mjuke trafikantar på det smale fortauet (0,5 m).

Det største og mest akutte problemet er at tilstandsregistreringane av brua har konkludert med at det er nødvendig å gjennomføre tiltak for å holde brua open. I 2017 vart det derfor gjennomført tiltak som nedfresing av brudekket, lysregulering og påfølgjande stenging av møteplass, samt skilting for å sikre 100 meters avstand mellom tunge køyretøy.

Restlevetida til brua er vurdert til 5 år (2020). I tillegg skal det gjennomførast årleg hovudinspeksjon for å ha kontroll på utviklinga av skadeomfanget.

1.2 Gjennomført forprosjekt løysingsval (konsept)

Det vart i 2014 og 2015 gjennomført eit forprosjekt der formålet med forprosjektet var å gi Møre og Romsdal fylkeskommune eit godt grunnlag for å velje ei framtidig løysing for kryssing av Søre Vaulen.

Følgjande hovudalternativ vart vurderte:

- Fjelltunnel
- Betongtunnel (senketunnel)
- Ulike brualternativ

Dei ulike alternativa er skildra i kap. 5.2.

Vedtak i Herøy kommunestyre - 10.12.2015

Herøy kommunestyre tar forprosjektrapporten om FV20 Nerlandsøybrua til vitande.

Ein ber Statens vegvesen om at alternativ 10 vert utgreidd og vurdert, med fortrinnsvis 20 mtr. høgde, i ein ordinær planprosess etter plan- og bygningslova som sikrar brei medverknad.

Herøy kommunestyre legg til grunn at val av brutrase og seglingshøgde skal vere framtidsetta og i tråd med mål og strategiar slik det går fram av gjeldande samfunnsplan.

Samrøystes vedtak i Samferdselsutvalet - 03.02.2016

Samferdselsutvalet tek forprosjektrapporten fv 20 Nerlandsøybrua til vitande.

Samferdselsutvalet ber om at brualternativ 10 - Over havna med maksimum 20 m seglingshøgde - i forprosjektrapporten leggjast til grunn i det vidare arbeidet med planlegging av ei ny Nerlandsbru.

Vedtak i Samferdselsutvalet - 14.03.2018

Samferdselsutvalet vel alternativ A som vedlikehaldsstrategi for fv. 20 Nerlandsøybrua der ein planlegg nybygg om 5-6 år.

Samferdselsutvalet ber fylkesrådmannen legge fram ei sak til møte i samferdselsutvalet 12. november 2018 der ein klargjer ulike alternativ for kryssing av Vaulane.

1.3 Planområdet

FIGUR 1.3.1 OVERSIKTSKART MED PLANOMRÅDET

Planområdet blir skildra meir utfyllande i kapittel 4, 5 og 6.

1.4 Målet med planen


Formålet med reguleringsplanarbeidet er å finne ein trasé for ny bru. Dagens bru må kunne trafikkerast under bygging av ny bru. Brua skal tole ei aksellast som samsvarar med dagens krav for nye bruer. Løysinga skal betre tilhøva for mjuke trafikantar på strekninga. Det skal byggast fortau på heile brua. På resten av strekninga er det planlagt gang- og sykkelveg. Seglingshøgda skal avklarast i reguleringsplanprosessen.

2 PLANPROSESS OG MEDVERKNAD

Planprosessen og opplegg for medverknad rettar seg etter reglane i plan- og bygningslova kapittel 5 og 12. Oppstart av planarbeidet vart meldt i mai 2016. Det kom inn totalt 18 innspel til planarbeidet. Desse er omtalt og vurdert i kapittel 8. Det vart gjennomført ope informasjonsmøte 8. juni 2016 i kommunestyresalen på rådhuset.

3 PLANSTATUS OG RAMMEVILKÅR**3.1 Gjeldande plansituasjon**

Kommuneplan for Herøy 2013-2025:




FIGUR 3.1.1 UTSNITT AV GJELDANDE KOMMUNEPLAN

Planen er vedteken i kommunestyret i Herøy 30. oktober 2014.

På Nerlandsøya er dei grønne områda vest for brua sett av til landbruks-, natur- og friluftsområde med omsynssoner for automatisk freda kulturminne, kulturlandskap og landbruk. Eit mindre raudt område er sett av til grav- og urnelund. Aust for brua er det lilla området sett av til næringsbusetnad, det oransje til naust og det

blå til hamn. På Igesundsida er dei grønne areala sett av til landbruks-, natur- og friluftsområde med omsynssoner for ras- og skredfare, landbruk og automatisk freda kulturminne. Langs sjøen er det vist framtidig turveg/turdrag.

Detaljreguleringsplan Kvalsund:



FIGUR 3.1.2 DETALJREGURINGSPLAN KVALSUND

Planen er vedteke 28.11.2013 og omfattar områda nord for Kvalsund hamn.


Forslag til reguleringsplan for Kvalsund hamn:



FIGUR 3.1.3 FORSLAG TIL DETALJREGULERING FOR KVALSUND HAMN

Det er utarbeidd forslag til reguleringsplan for Kvalsund hamn. Planen har vore ute til offentlig ettersyn 11. mai – 22. juni 2012. Etter innspel frå Kystverket er området for Kvalsund hamn er innarbeidd i reguleringsplanen for Nerlandsøybrua.

Reguleringsplan for Kvalsund-Teige:



FIGUR 3.1.4 DETALJREGULERINGSPLAN FOR KVALSUND-TEIGE

Planen er vedteke 11.12.2008 og omfattar områda vest for Kvalsund hamn.

3.2 Andre rammer og føringar

Følgjande rundskriv og retningslinjer er relevante for planarbeidet:

- Rundskriv T – 2/08: Om barn og planlegging.
- Rundskriv T-5/99 B: Tilgjengelighet for alle.
- Temarettleiar: Universell utforming og planlegging etter plan- og bygningsloven.
- T-1442: Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegginga.

4 SKILDRING AV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE FORHOLD

4.1 Arealbruk

Planområdet ligg like vest for Fosnavåg. Igesund på Bergsøya og Kvalsund på Nerlandsøya er skilt av Søre Vaulen, og Nerlandsøybrua knyter desse øyane saman. Arealbruken ber preg av tradisjonell verksemd innan landbruk og fiske, med beitelandskap og hamnefunksjonar. Innanfor planområdet finn vi landbruksareal, naust og sjøhus, næringsareal, kulturminneområde og busetnadsområde.



Frå ei høgde på Nerlandsøya ser vi innover mot Fosnavåg og fastlandet på Sunnmøre. Kvalsund i framkant.

4.2 Landskapsbilde

Nerlandsøya og Bergsøya sorterer under landskapsregionen «kystbygdene på vestlandet» og underregionen Ytre Sunnmøre (ref. NIJOS-rapport 10/2005). Typisk for landskapet si hovudform er eit småknudra relieff som er prega av spreidde, ruvande hattøyar, halvøyer og skjer- og øygard. Skjergard og eit kompleks av øyer ligg tett og skaper mindre landskapsrom, der mange sund og våger verkar som golv i landskapsromma.

Vegetasjonen i regionen er typisk snau, prega av eit røft kystklima og karrige forhold. I prosjektområdet er det mykje grønt i form av dyrka mark og naturmark, samt ein del planta skog (m.a. sitkagran) i liene. Elles er øylandskapet prega av eldgamle kystlyngheier og fjellplanter. Naturområda her har ein lang beitekcontinuitet som har vore med på å forme det opne kulturlandskapet. Ein ser også at noko areal ber preg av gjengroing.



Nerlandsøy bru. Igesund sine jordbrukslandskap i framkant og Nerlandsøya med molo og busetnad i bakkant. Foto: Berit Sandvik Skeide

Nerlandsøybrua bind eit heilskapleg jordbrukslandskap i aktiv drift på Igesund saman med Kvalsund, der veggen legg seg mellom dyrkamark og eit utbygd hamne- og industriområde. Landskapet og aktivitetane på staden har, når ein ser det i liten skala, ulikt preg på dei to sidene av brua. Naustrekkjer og båthus knytt til sjøaktivitet på Kvalsundsida, beitelandskap og grøne marker på Igesundsida. I ein større skala ser vi at landskapet på kvar side av brua har det til felles at landet hever seg svakt over ei større lengde på begge sider av Søre Vaulen, før fjellet reiser seg bratt opp i bakkant av busetnad og dyrkamark. Dette gjer sundet og landskapsrommet mellom Nerlandsøya og Bergsøya veldig ope og visuelt eksponert. Øyer som ligg på sydvest–nordaust akse som Søre Vaulen utgjer (til dømes Remøya og delvis Gurskøya) har utsikt gjennom dette sundet.



Frå Søre Vaulen er det ei flott utsikt mot havet.



Kvalsund ber preg av båthammer, naust og industribygg.

Vegane i området er smale og svingete, og følgjer i stor grad den tradisjonelle busetnaden og utkantane av dyrkamarka. For mjuke trafikantar kan det vere problematisk med framkomst både over brua og langs vegane. Avstanden mellom Kvalsund og Fosnavåg er ikkje lengre enn at vegane gjerne blir nytta av gåande og syklende mellom desse punkta.

4.3 Kulturminne

I Herøy kommune er det generelt sett ein stor tettleik av kulturminne frå ulike tidsperiodar. Innanfor planområdet er der registrert fleire automatisk freda kulturminne samt at det finnst fleire SEFRAX-registrerte bygningar. Det mest kjende funnet tett på planområdet på Nerlandsøysida ved eksisterande Nerlandsøybrua, er Kvalsundskipet. Her vart det i ei myr funne både eit skip og ein båt som begge var slått i stykker. Kvalsundskipet er datert til om lag år 700 e.Kr (Merovingartid i Yngre jernalder) og vert ofte tolka som eit offerfunn ettersom det er funne tett ved fleire gravrøyser og ein bautastein.



Bilete frå utgravinga av Kvalsundskipet på Nerlandsøy i Herøy, Møre og Romsdal i 1920. Biletet er henta frå nettstaden Digital Museum; <https://digitalmuseum.no/021016973451/fra-utgravinga-av-kvalsundskipet-pa-nerlandsoy-i-heroy-more-og-romsdal>

Følgjande automatisk freda kulturminne ligg innanfor, eller tett inntil plangrensa:

- ID 231382 35/28 Busetnad- og aktivitetsområde bestående av to eldstader datert til bronsealder/jernalder
- ID 113831 35/10, 9 Busetnad- og aktivitetsområde i form av to funnkonsentrasjonar med flint datert til yngre steinalder
- ID 45872 4/4 Gravfelt bestående av fire gravrøyser og ein bautastein datert til jernalder
- ID 136386 4/12 Busetnad- og aktivitetsområde datert til steinalder/bronsealder (*denne er delvis utgraven*)
- ID 136385 4/192 Hustuft liggande i gamaltunområdet. Datert til mellomalder (*denne er utgreven*)
- ID 231182 4/12 Busetnad- og aktivitetsområde bestående av funnførande kulturlag samt funn utanom kulturlaget. Datert til Yngre steinalder.
- ID 148579 4/11,254,268 Busetnad- og aktivitetsområde datert til eldre steinalder


Følgjande SEFRAK-registrerte bygningar ligg innanfor, eller tett inntil plangrensa:

- 1515-0014-031 35/2 1800-talet Naust på Igesund – ruin i dag
- 1515-0014-001 35/1 1700-talet Bustadhus på Igesund
- 1515-0014-002 35/1 1800-talet Stabbur på Igesund – rive i dag
- 1515-0002-017 4/24 1800-talet Bustadhus, Haugen, Kvalsund
- 1515-0002-016 4/9 1800-talet Ruin etter bustadhus, Kvalsund
- 1515-0002-011 4/29 1800-talet Bustadhus, Midtun, Johan-garden

- 1515-0003-066 4/190 1900-talet Naust, Kvalsund
- 1515-0003-067 4/194 1800-talet Naust, Kvalsund

4.4 Naturmangfald

Innanfor planområdet har vi naturtypen strandeng og strandsump. Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av bra arts- og samfunns mangfald, utan at strandsamfunna er av dei mest velutvikla. Mest interessante av karplantane er havbendel, havstorr, saltstorr og strandarve. Området er straumrikt, har stor biologisk produksjon og er ein viktig beiteplass for trekkande og overvintrande vassfugl og sjøfugl, særleg ender, lom og skarv.



FIGUR 4.4.1 KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD I HERØY KOMMUNE

4.5 Nærmiljø/Støy

Det vil ikkje opplevast særleg trygt og oversiktleg å ferdast til fots eller sykle langs dagens veg, sidan både vegen og brua er smale med liten plass til mjuke trafikantar.

Det er ikkje knytt spesielle friluftinteresser til det aktuelle planområdet.

Det ligg bustader langs vegen som er utsette for støynivå over grenseverdiane. Det er gjennomført støytrekningar av Asplan Viak AS. Resultatet av desse er omtalte i pkt. 6.7.

4.6 Risiko- og sårbarheit

Statens vegvesen vurderer den største risikoen til å vere at tilstanden på brua er så dårleg at brua må stengjast på kort varsel. Straumforsyninga til Nerlandsøya går også over brua ved ein-sidig mating, og straumforsyninga til øya er difor sårbar.

Aktsomhetskartene for skred viser at det er teoretisk potensiale for både steinsprang og snøskred frå ca. km 0,7 til 1,1. Desse karta er utarbeidde ut frå topografiske forhold og angir område som må skredfarevurdast. Framtidig trafikkmengde på strekninga er ca. 2500, noko som tilseier at ein aksepterer skred kvart 50. år og kan tolerere skred kvart 20. år på ny veg (Retningslinjer for risikoakseptkriterier for skred mot veg, NA-rundskriv 2014/08). Det er ikkje registrert skred på veg i dette området i NVDB.

Snøskred av den størrelsen som skal til for å nå vegen er svært lite vanleg så langt ut mot kysten. Ein del av fjellsida er skogkledd og det tyder også på at snøskred i dette området er svært skjeldent.

Steinsprang kan losne i dei bratte fjellsidene med høgde opp mot 150 moh sør for vegen. Frå flybilde er det påvist nyare og gamle steinsprang utan at dei ser ut til å ha nådd busetnad eller veg.

I området der dagens veg er nærmast fjellsida er ny veg lagt lengre ut frå fjellsida og skredfaren vil dermed bli lågare enn kva tilfellet er for dagens veg. For ny tilførselsveg mot Igesund vil skredfaren bli som i dag. Her er trafikkmengda svært låg og man kan akseptere skred på veg kvart 10. år.

Planlagt veg mot Nerlandsøybrua vil få større sikkerhet mot skred enn dagens veg. Faren for skred på veg er lågare enn Statens vegvesen sine akseptkriterier.

4.7 Grunnforhold

Skildringa i dette kapittel avgrensar seg til trase for bru alternativ 5 og 10 i dette dokumentet, sjå punkt 5.2.4.

NGU sitt bergrunnskart viser i heile området Glimmergneis, mørk grå middels- til grovkorna. Kartutsnittet frå ngu.no nedanfor angir på Igesundsida at det hovudsakeleg er bart fjell eller tynt dekke over fjell. På ein del av området er det angjeve tynn morene. På Kvalsundsida er det angjeve marin strandavsetning.

Det er kjent at det i renner mellom bergryggar omkring og nordaust for Igesund ligg myr med varierende tjukkeleik. Kanskje ligg det noko morenemassar ned mot lågpunktet i berget under myra. Området ligg under marin grense, so havavsetning av leire i området er teoretisk mogeleg, men ikkje truleg.

Berg- og geoteknikkseksjonen utførte i 2014 grunnboringar langs ny brutrasé, og eit kort stykke innover land mot Kvalsund. Det vart og utført nokre boringar langs delar av eksisterande trase, men desse vert ikkje medtekne her.

Det er langs brua moderate djupner med lausmasse over berg. Lågast berg og tjukkast lausmassemektigheit er det ved innseglinga til småbåthamna. Her ligg berget ned mot kote -18, med inntil 10 m med lausmasse over. I desse områda ligg det 2 til 7 meter med antatt svært hard botnmorene ned mot berg. Det kan ikkje utelukkast at noko av dette er berg, dvs. at berg kan ligge grunnare enn tolka ved nokre av desse boringane.


I sundet ligg berget grunnare, ved omkring kote -7, med 4 til 7 meter med fast og middels fast lausmasse over.

Innover land mot Kvalsund stig og berget til omkring kote -6 så langt det er undersøkt, dvs. til om lag til i bakkant av alle nausta. Lenger innover land er det venta at bergoverflata stig til over kote 0.

Området Hardausen er fylt ut på tidlegare grunt vatn. Basert på flyfoto frå 1965 er tidlegare strandline i området teikna inn på kartet nedanfor. Boringar og prøvetaking på det utfylde arealet syner at det her ligg over 3 meter med laus einsgradert sand over faste massar. Truleg er sanden humushaldig og kan stamme frå mudring i småbåthamna.

På byggeplanstadiet må ein gjere ei meir detaljert grunnundersøking som gir fullgodt grunnlag for å prosjektere brua og for å vurdere behov for masseutskifting under fyllingane. Ein må også gjere ny botnkartlegging.

For meir informasjon, sjå geoteknisk rapport nr. 2014151960-1 datert 06.02.2015.



FIGUR 4.7.1 LAUSMASSEKART

4.8 Trafikkforhold


Trafikken på strekninga er i hovudsak lokaltrafikk til å frå Igesund og Nerlandsøya. Årsdøgntrafikken (ÅDT = gjennomsnittstrafikk pr. døgn) var på om lag 1890 køyretøy/døgn i 2016.

I perioden 1977-2016 er det registrert 8 politirapporterte ulykker på strekninga. Alle er bilulykker, der ei enda med alvorleg skade.

Brua har ei køyrefeltbreidde på 3,5 m, medan fylkesvegen elles på strekninga er ca. 6 m inkludert skulder. Avstanden mellom brekkverka er 5 m, dette inkluderer fortausløyising på 1,5 m. Det er ikkje midtlinje på strekninga. Fartsgrensa er 60 km/t.

4.9 Naturressursar

På begge sider av dagens fylkesveg ved Igesund og på vestre side på Nerlandsøya er store areal med fulldyrka jord og beiteland.




FIGUR 4.9.1 AREALTYPE (AR5) I OMRÅDET. KJELDE: www.skogoglandskap.no.

5 OMTALE AV PLANFORSLAGET

5.1 Føresetnader og standardval

Krav i Statens vegvesen sine handbøker N100 Veg- og gateutforming, N101 Rekkverk og vegens sideområder, og N400 Bruprosjektering er lagt til grunn i dette prosjektet.

Ny veg er utforma etter standardklasse H₀₂. Det er lagt til grunn ein dimensjonerande trafikk på 2500 køyretøy/døgn 20 år etter opning. Planlagt breidde på vegen er 7,5 meter inklusive skulder, sjå figur 5.1.1.



FIGUR 5.1.1 TVERRPROFIL H₀₂ MED 7,5 M VEGBREDD (MÅL I METER)


Terrenget på Igesundsida av brua har gjort det nødvendig å søke fråvik frå minimumsverdiane for horisontalkurvatur. Føringsbreidda på brua er teikna 7,5 meter, med ein 3 meter gang- og sykkelveg for mjuke trafikantar på den eine sida.

I tillegg kjem breiddeutviding i kurver, og rekkverksrom (0,75 m) på strekningar der dette er nødvendig.


Dei viktigaste geometriske krava for H₀₂ er:

- Minste horisontalkurveradius, $R_h = 200$ m.
- Minste vertikalkurveradius i høgbrekk, R_v , høg = 2100 m.
- Minste vertikalkurveradius i lågbrekk, R_v , låg = 1600 m.
- Maksimal stigning: 8 %.
- Krav til stigning gang- og sykkelveg ved stigningslengde lenger enn 100 m: 5 %.
- Horisontalkurve i kryss bør vere ≥ 350 m.
- Minimum avstand mellom kryss bør vere 500 m.

Sideterreng skal utformast i samsvar med N101 Rekkverk og vegens sideområde, som er forankra i Statens vegvesen sin nullvisjon om vesentleg færre drepne og hardt skadde i vegtrafikken.



FIGUR 5.1.2 TYPISK TVERRSNITT FFB-BRU I BETONG




FIGUR 5.1.3 TYPISK TVERRSNITT STÅLKASSEBRU

5.2 Vurderte alternativ i forprosjektet

I 2014 og 2015 vart det gjennomført eit forprosjekt med ulike løysingsval (konsept). I dette forprosjektet vart det vurdert 3 ulike hovudalternativ (konsept) for kryssing av Søre Vaulen; dvs. undersjøisk fjelltunnel, betongtunnel og ulike brualternativ.

5.2.1 Fjelltunnel

Skisse av undersjøisk fjelltunnel:




Tunnelen er planlagt med tunnelpåhogg aust for Igesundvegen på Bergsøya i eit område der det tidlegare har vore eit massetak. Tunnelen vil gå i ei lang høgrekurve mot sør og krysse under Søre Vaulen ca. 500 m sør for noverande Nerlandsøybrua. Vidare svingar tunnelen nordover igjen og tunnelpåhogg er teikna ved Teige med tilknytning til kommunevegen der. Det må byggjast ny veg frå kommunevegen og opp til fylkesvegen som går rundt Teigeneset. Her har det også tidlegare vore utarbeidd vegplanar for denne parsellen.

For fjelltunnelen er det lagt til grunn ei fjelloverdekning på 30 meter der tunnelen kryssar Søre Vaulen, slik at botnen i tunnelen kjem på ca. kote ±50.

Det er ikkje planlagt gang- og sykkelveg gjennom tunnelen og dette gjer at det ikkje blir noko tilbod for mjuke trafikantar gjennom tunnelen. Tunnellengda blir ca. 2,5 km og tunnelen er planlagt med 5 % stigning.

5.2.2 Betongtunnel

Skisse av betongtunnelalternativet:



Det er sett på alternativ med betongtunnel for kryssing av Søre Vaulen. Dette fordi ein betongtunnel ikkje legg restriksjonar på seglingshøgda. Ved nærmare undersøkingar av grunnforholda og bruk av geoteknisk rapport frå 1961 viser det seg at bergnivået ligg på grunn djupne under terrenget og då vil tradisjonell senketunnel ikkje vere muleg. Tunnelen er tenkt utført som tørrstøyp i eit tørrlagt sund ved hjelp av til dømes spunting. Søre Vaulen må stengjast for båttrafikk i byggeperioden.

Betongtunnelalternativet er uaktuelt på grunn av svært høge kostnader. Skulle dette alternativet vore aktuelt måtte føresetnaden ha vorte endra til at det er dagens seglingsløp som skal kryssast. Seglingsløpet kan då ikkje utvidast i framtida. Vidare bør tunneltraseen liggje akkurat der noverande Nerlandsøybrua er plassert for å få ein kortast muleg betongtunnel. Det hadde vore ønskjeleg med lausmasse i heile tunnelen si lengde slik at spunting kunne utførast og kostbar sprenging blir unngått. Stigninga må også endrast frå 5 % til opp mot 10 % for å gjere betongtunnelen kortast muleg.

5.2.3 Bru parallelt med eksisterande bru

Skisse av brualternativ 9 (20 m) og 11 (30 m):



Brualternativ 9 er bru er planlagt med seglingshøgde 20 meter og brualternativ 11 med seglingshøgde 30 meter. Brualternativa er planlagt nord for eksisterande bru og er lagt parallelt med denne. På Igesundsida er veglinja

lagt med kurve i retning mot Fosnavåg for å komme lenger ifrå busetnaden. Brualternativa kjem i konflikt med industriområde på Nerlandsøya.

Det er føresett at det skal gå trafikk over eksisterande bru i anleggsfasen og at noverande bru blir fjerna når ny bru er opna for trafikk. Nesten alle brufundament vil bli ståande på tørt land og anleggsgjennomføringa vil vere sikker og er basert på kjente tekniske løysingar. Det er planlagt gang- og sykkelveg på vestsida av brua.

5.2.4 Bru over båthamna (valt alternativ)

Skildring av brualternativ 10 (20 m) og 5 (30 m):



Brualternativ 10 er bru med planlagt seglingshøgde 20 meter og brualternativ 5 med seglingshøgde 30 meter. Brualternativa er planlagt over båthamna. Brualternativa kjem i konflikt med interesser i båthamna og spesielt alternativ 10 med seglingshøgde på 20 meter kan gjere tilkomsten til båthamna for til dømes seglbåtar vanskeleg. Også for dette alternativet er det føresett at det skal gå trafikk over eksisterande bru i anleggsfasen og at noverande bru blir fjerna når ny bru er opna for trafikk. Alle brufundament vil stå på sikker grunn og er basert på kjente tekniske løysingar. Det er planlagt gang- og sykkelveg på vestsida av brua.

Dette alternativet medfører to openbare negative konsekvensar; arealbeslag og splitting av landarealet som er avsett til næringsbygg og naust i forslaget til reguleringsplan for Kvalsund hamn, og kryssinga over sjøve småbåthamna/hamnebasenget. Uavhengig av om brua blir forlenga inn over land, for å redusere veg på fylling eller ikkje, vil vegtraseen vere ein barriere og bryte opp eit areal med stort potensiale for bygg og næringsutvikling. Eit slikt areal vil vere tent med å byggast ut mest mogleg samanhengande for å ivareta ei estetisk god og praktisk funksjonell utbygging.

5.3 Arealformål og områdeføresegnar i plankartet.

Nedanfor følgjer ein gjennomgang av dei enkelte arealformåla:

5.3.1 Bygningar og anlegg

Bustader, B

Omfattar areal avsett til bustadområde på Kvalsund.

Sentrumsformål, BS

Omfattar areal avsett til sentrumsformål på Igesund. Før utbygging kan ta til må områda Kleivavika og Kleivaneset detaljregulerast.

Næringsbygningar, BN

Omfattar to område langs nordmoloen i Kvalsund hamn som er avsett til næringsbygningar, dvs. maritimt retta næringsverksemd og sjøbuer for fiskerinæring.

Småbåtanlegg i sjø og vassdrag, BSB

Omfattar område i Kvalsund hamn avsett til småbåtanlegg med landfunksjonar for småbåthamn, samt slipp for sjøsetting / opptrekk av båtar.

Naust, BUN

Omfattar fleire naustområde i Kvalsund hamn som skal brukast til oppbevaring av båt og tilhøyrande reiskap/vegn.

Kontor/Industri, BKB

Omfattar eit område i Kvalsund sør for ny veg som er avsett til kombinert kontor- og industriformål.

5.3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, S

Omfattar offentlege hamneområde og moloar i Kvalsund hamn.

Køyreveggar, SKV

Omfattar offentleg veg, felles privat veg og privat køyreveg. På plankartet og i reguleringsføresegnene er det skilt mellom offentleg og annan køyreveg. Offentleg veg omfattar statleg og kommunal veg. Annan veg gjeld privat veg og felles privat veg.

Avkjørsler frå offentleg veg er regulert som del av formålet med eigarform offentleg. Vedlikehaldsansvaret ligg likevel på brukaren, jf. § 9 i «Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg.»

Gang- og sykkelveg, SGS

Omfattar offentleg gang- og sykkelveg.

Annan veggrunn – tekniske anlegg, SVT

Omfattar sideareala til vegen. Areal kan nyttast til skjering, fylling, grøft, siktsone og rekkverk. På plankartet og i reguleringsføresegnene er det på same måte som for vegar skilt mellom offentleg og anna (privat) areal.

Annan veggrunn – grøntanlegg, SVG

Omfattar sideareala til vegen. Areal kan nyttast til skjering, fylling, grøft, siktsone og rekkverk. På plankartet og i reguleringsføresegnene er det på same måte som for vegar skilt mellom offentleg og anna (privat) areal.

Kai, SK

Omfattar fleire kaiområde i Kvalsund hamn.

Kollektivhaldeplass, SKH

Omfattar haldeplasser for buss.

Parkering, SPA

Omfattar fleire areal avsett til parkering i hamneområdet i Kvalsund.

Køyrbar gang- og sykkelveg, SKF

Omfattar gang- og sykkelvegar på Igesund som også kan trafikkerast med køyretøy for tilkomst til private eigedomar.

5.3.3 Grøntstruktur**Vegetasjonsskjerm, GV**

Omfattar areal avsett til vegetasjonsskjerm som buffer mellom ny veg og bustadområde og eit areal som buffer rundt elvemunninga i Kvalsund hamn.

5.3.4 Landbruk-, natur- og friluftsområde**Landbruksformål, LL**

Omfattar areal avsett til landbruksformål. Omfattar også eksisterande spreidd busetnad innanfor LNF-område i samsvar med gjeldande kommuneplan.

5.3.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag**Farleier, VF**

Omfattar område i sjø som er avsett til farlei /skipslei.

Hamneområde i sjø, VHS

Omfattar område som er avsett til hamneområde i Kvalsund.

Småbåthamn, VS

Omfattar område som er avsett til småbåthamn/marina i Kvalsund.

Naturområde i sjø og vassdrag, VNV

Omfattar naturområde i sjå. Eit areal (o_VNV2) er plassert mellom skipsleia og moloen til Kvalsund hamn og det andre arealet (o_VNV1) mellom skipsleia og strandlina på Igesund.

5.3.6 Omsynssoner**Faresone høgspenningsanlegg, høgspenningskablar, H370**

Formålet med omsynssona er å ivareta sikkerheita knytt til høgspenninglinje og høgspenningskablar innanfor planområdet.

Bevaring og bandlegging av automatisk freda kulturminne, H570 og H730

Formålet med desse omsynssonene er å bevare/bandlegge automatisk freda kulturminne som ikkje kjem i direkte konflikt med det nye veganlegget. Det er knytt føresegner til omsynssonene som forbyr tiltak som skadar, flyttar, endrar, dekkje til, skjuler eller på annan måte utilbørlig skjemmer dei freda kulturminna eller framkallar fare for at det kan skje. Dei bandlagte områda er merka med omsynssone H730, og sikringssonen utanfor med omsynssone H570.

5.3.7 Områdeføresegner**Mellombels anleggs- og riggområde, #**


Omfattar alt areal som kan nyttast til mellombels anleggsbelte, massedeponi og rigg, med tilhøyrande føresegner om bruk, utforming og istandsetting. Dette er areal som er naudsynt for å gjennomføre utbygginga, men som ikkje inngår i det ferdige anlegget. Arealet blir tilbakeført i samsvar med underliggende arealformål.

Områdeføresegner RpBO – automatisk freda kulturminne


Før anleggsarbeid vert igangsett, skal automatisk freda kulturminne som er merka med rpBO_ gravast ut og registrerast. Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at ein har naudsynt med tid til å foreta utgraving og frigjeving av områda.

5.4 Planlagt arealbruk


Veg- og brutraseen over båthamna er planlagt i samsvar med alternativ 10 i forprosjektet, samt vedtak i Herøy kommune og i samferdselsutvalet. Brutraseen over hamna er forsøkt lagt slik at hamna kan oppretthalde funksjonen som både småbåthamn og fiskerihamn. På Igesund er landkarfyllinga lagt på det skrinnaaste jordbruksarealet og landkaret er trekt så langt inn på land at det er moglegheit for passasje med traktor under brua.



FIGUR 5.4.1: 3D SKISSE AV BRUA OG VEGEN PÅ IGESUND SETT MOT SØR



FIGUR 5.4.1: 3D SKISSE AV BRUA OG VEGEN OVER SØRE VAULEN SETT MOT NORD



FIGUR 5.4.1: 3D SKISSE AV BRUA OG VEGEN I KVALSUND HAMN SETT MOT SØR

Gjennomgang av enkeltløsingar (jf. Plankart og tekniske teikningar):

- Felles avkøyrsla ved profil 710 på nordsida av fylkesvegen. Avkøyrsla til gnr. 35/79 har i dag dårlege stigningstilhøve og får no tilkomst frå nord frå den felles avkøyrsla.
- Gnr. 35/78 får avkøyrsla berre til gang- og sykkelvegen ved profil 760. Gang- og sykkelvegen blir breiddeutvida til 4 meter på strekninga mellom avkøyrsla og profil 715.
- Gnr. 35/28 får ei driftsavkøyrsla ved profil 795. I reguleringsføresegnene i pkt. 3.2er det sett krav om detaljreguleringsplan for områda Kleivavika og Kleivaneset før arealet avsett til sentrumsformål i kommuneplanen på 35/28 kan byggjast ut.
- Busslommer er plassert på både sørsida og nordsida av fylkesvegen, sørsida mellom profil 735-810 og nordsida mellom profil 795-870.
- Gang- og sykkelvegen er planlagt på sørsida av vegen mellom profil 720 og krysset til Igesund ved profil 870. Årsaka til dette er for å gi trygg tilkomst til busslomma frå dei som kjem frå Igesund.
- Det er planlagt eit kryss ved profil 870 for tilknytning av vegen til Igesund som i framtida vil bli kommuneveg. Krysset er plassert så langt mot aust for å komme utanfor kurva og er plassert ei strekning med liten stigning.
- Gnr. 35/10 får avkøyrsla ved profil 940 omtrent som noverande avkøyrsla.
- Vegen til Igesund er planlagt slik at gnr. 35/23 må løysast inn. Årsaka til dette er at denne eigedomen er vanskeleg å støyskerme og blir liggjande ugunstig til på baksida av ei «høg» vegfylling.
- Rett i forkant av landkarfyllinga er det teikna inn ein driftsveg under brua.
- Område merka #9 er riggområde for bygging av ny bru og etter at anleggsarbeidet er avslutta il arealet bli bakkeplanert med helling 1:6.
- Ved profil 1960 er det planlagt avkøyrsla til Kvalsund hamn.
- Det er planlagt gang- og sykkelveg også på vestsida av fylkesvegen mellom profil 1960 og krysset ved profil 2100.
- Ei busslomme er plassert på sørsida av fylkesvegen, profil 2020-2095.

6 VERKNADAR AV PLANFORSLAGET

6.1 Trafikale forhold og trafikksikkerheit

Det er gjennomført ein trafikksikkerheitsrevisjon (TS-revisjon) som del av planarbeidet.

Som del av reguleringsplanen skal det i samsvar med § 3, 7. ledd i Veglovens *Forskrift om anlegg av offentlig veg* «fastlegges hvordan gang- og sykkeltrafikken skal avvikles».

På bakgrunn av innspel og ønskje frå folk i området er gang- og sykkelvegen planlagt på nordsida av brua. Dette blir grunnjeve med at gang- og sykkelvegen blir liggjande i le for vind frå sørvest, og det er mest naturleg å vidareføre ganglinene på denne sida på land.

Planen legg også til rette for vidareføring av gang- og sykkelveg heilt inn til Fosnavåg, og oppfordrar til meir sykling og gåing i kvardag og fritid.

6.2 Forslag til omklassifisering av eksisterande veggrunn

Dei delane av noverande fylkesveg som ikkje inngår i nytt vegområde, må enten bli omklassifisert til veg med annan status eller lagt ned som offentleg veg. Veg som blir lagt ned som offentleg veg kan enten bli:

1. Utlagt til bruk for dei vegfarande
2. Omklassifisert til privat veg
3. Tillagt tilstøytande eigedomar

Møre og Romsdal fylkeskommune vil framleis eige grunnen til veg som blir omklassifisert etter pkt. 1 og 2. Fylkeskommunen er ansvarleg for å vedlikehalde veger under punkt 1 dersom dei ikkje er stengt for alminnelig ferdsel fordi de er farlege å bruke. Vedlikehaldet av private vegar blir overlata til brukarane etter veglovas § 54. Fylkeskommunen er ikkje part i ein eventuell tvist om vedlikehald/fordeling. Brukarane er ikkje pliktige til å holde vegen open for allmenn ferdsel og kan stenge den med bom.

Spørsmålet om omklassifisering skal ikkje avgjerast gjennom vedtak i reguleringsplanen, men gjennom eige vedtak før grunnverv. Det er derfor av interesse å få synspunkt på forslaget både frå kommunen og grunneigarane.

Det blir foreslått slik omklassifisering:

Igesund:

Noverande fylkesveg frå nytt kryss ved profil 870 og til eksisterande brukryss på Igesund blir omklassifisert til kommunal veg. Vegen frå brukryss og til fram til landkaret på noverande bru blir tillagt tilstøytande eigedomar.

Kvalsund:

Noverande fylkesveg frå ny avkøyrsløp ved profil 1960 til hamna og industriområdet og fram til landkaret på eksisterande bru, blir omklassifisert til kommunal veg.

6.3 Byggegrenser

Byggegrense langs offentleg veg følgjer av veglova § 29, andre ledd, der ikkje anna er vist i plankartet, eller er fastsett i tilgrensande reguleringsplanar.

6.4 Landskapsbilde

Bygging av ny bru over til Nerlandsøya vil sette sitt preg på landskapet. Både utsjånad, plassering av brua og storleiken på den vil vere anna enn dagens situasjon. Ei estetisk flott bru med god linjeføring er viktig for landskapsbildet.

På Igesund vil vegen få anna kurvatur som vil betre trafikktryggleik og køyreoppleving, men som til ein viss grad går på bekostning av kulturlandskapet her. Totalt vil større areal vil bli beslaglagt som følgje av breiare veg og skråningsutslag, i tillegg til at eksisterande veg nordover langs busetnaden på Bergsøya vil ligge delvis som i dag. Det er viktig å ivareta strandlina og ein gjennomgåande passasje langs fjøra i heile området. Brua er difor trekt litt tilbake på land på Igesund, slik at denne samanhengande, urørte sjølina også i framtida er ivareteke. Fyllingane og vegskråningane skal revegeterast og/eller tilsåast, slik at desse etter kvart framstår som grøne og godt integrerte i jordbrukslandskapet på området. Tilbakeføring til LNF-formål etter ferdigstilling av ny bru og fjerning av dagens bru med tilkomstvegar er avgjerande for å minimere dei negative konsekvensane av tiltaket. Meir om handtering av jord i avsnitt 6.8, naturressursar.

På Nerlandsøya vil brua der den når land ligge på fylling. Også her er det viktig å ivareta framkomsten under brua, langs båthamna. Når eksisterande bru og vegtilkomsten til denne blir fjerna vil ein få ein større avstand til kulturlandskapet og gravplassen, noko som vil framstå som ei betring i forhold til dagens situasjon. Tilsåing av vegskråningar vil gjere fyllingane under bru og veg mindre dominerande i landskapsbildet.


For mjuke trafikantar blir det ein betra situasjon, med fortau og gangveg langs ny veg og bru. Gang- og sykkelvegane vil legge betre til rette for auka sykling og gange til Fosnavåg. Reiseopplevinga for alle trafikantgrupper vil bli betra som ei følgje av tiltaket.

6.5 Kulturminne og kulturmiljø


Ny planlagt bru mellom Nerlandsøya og Bergsøya vil verke negativt inn på fleire automatisk freda kulturminne. Begge dei automatisk freda kulturminna på Bergsøysida, ID 113831 og ID 231382 er i direkte konflikt med tiltaket. Det same gjeld for ID 231182 på Nerlandsøysida. For ID 136386 vil det vere delvis konflikt med plana. For alle desse fire kulturminna vil realisering av denne plana krevje søknad om dispensasjon frå Kulturminnelova, etter §8.4 i same lov.

Som ein del av planlagt tiltak skal eksisterande bru mellom øyene fjernast og ein del av tilkomstvegen til denne attførast til jordbruksareal. Dette vil verke noko positivt inn på gravfeltet med ID 45872 som får eit litt friare utsyn til sundet. Dette vil likevel ikkje føre området attende til opphavleg terreng i det dei utfylling og utbygging mot aust for kulturminnet ikkje skal endrast. Den nye brua vil komme lengre aust og i så måte skjule seg bak alle dei moderne tiltaka som allereie finnast mot denne sida. Det er elles viktig at det vert teke omsyn til dette kulturminnet gjennom arbeidet med å rive eksisterande bru.

Planlagt tiltak vil ikkje verke negativt inn på nokon av dei SEFRAK-registrerte bygningane som ligg i, eller i nærleiken av planområdet.



FIGUR 6.5.1 VISER DEI KULTURMINNA VED IGESUND SOM KREV SØKNAD OM DISPENSASJON



FIGUR 6.5.2 VISER DEI KULTURMINNA VED KVALSUND SOM KREV SØKNAD OM DISPENSASJON

6.6 Naturmangfold



FIGUR 6.6.1 NATURMANGFALD

Innanfor planområdet har vi naturtypen strandeng og strandsump. Ny brutrasé vil krysse lokaliteten i den nordaustlege delen nær avgrensinga av arealet. Når anlegget er ferdig bygd vil det stå maksimalt fire brusøyler ned på berggrunnen i vaulen på lgesundsida. Det skal kunne køyrast med traktor under brua.

Det er sett av anleggsområde på begge sider av brutraseen. Vi ser for oss at entreprenøren legg ut steinfylling på eine sida utanfor søyleområdet, ei steinfylling som vert arbeidsplattform for brubygginga. Steinfyllinga ligg over flomålet. Ved avslutninga av bruarbeidet skal steinfyllinga gravast opp og fjernast. Inntil brufundamenta må det tilbakefyllast med dei opphavlege stadlege massane. Strandlinja skal reetablerast lik opphavleg situasjon, slik at naturforholda på staden etter kort tid vil vere reetablert om lag som før inngrepet.


Som ein del av arbeidet med ny Nerlandsøybrua, så skal eksisterande bru (gamlebrua) med landkarfyllingar rivast og fjernast. Dette medfører at dagens trasé skal tilbakeførast til opphavsleg tilstand både på land og i vaulen. Høla for brufundamenta på gamlebrua kan også tilførast stadlege eigna massar flytta frå anna stad innanfor anleggsområdet. I sum inneber tiltaket difor ikkje noko meirbelastning på lokaliteten samanlikna med dagens situasjon.

Oppsummert meiner Statens vegvesen at verknadene på naturverdiane i området er små til ubetydelege. Kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å ta stilling til tiltaket (nml § 8), og føre var-prinsippet får lite vekt (nml § 9). Den samla belastninga på naturmiljøet aukar ikkje som følgje av tiltaket (nml § 10). I anleggsfasen vil det vere viktig å avgrense utfyllinga så langt det er praktisk mogleg, og sjå til at fyllinga blir fjerna på best mogleg måte (nml §§ 11 og 12).

6.7 Nærmiljø/støy

Asplan Viak AS har gjennomført støyberekning og rapporten er vedlagt reguleringsplanen.

Nokre bustader må utgreiast nærmare i byggeplanfasen både med omsyn til uteplass og eventuelle fasadetiltak. Fasadetiltak er avhengig av planløyisinga for bustaden. Oversikt er vist i tabell 6.7.1. Bustad ved profil 1120, gnr/bnr 35/23 skal innløyisast, og blir difor ikkje utgreia vidare.



FIGUR 7.6.1 – BUSTAD VED PROFIL 1120 SOM SKAL INNLØYSAST

FIGUR 6.7.2 – OMRÅDE MED STØYSKJERM PÅ KVALSUND

TABELL 6.7.1: Bustader som skal utgreiast nærmare i byggeplanfasen.

Profilnummer	Gnr/bnr
740	35/55
740	35/79
760	35/172
950	35/10
1130	35/75
2090	4/73

6.8 Naturressursar

Sidan tiltaket i hovudsak går ut på å utvide eksisterande veg, har det stort sett små negative konsekvensar for dei fleste fagtema som er vurdert. Planen legg samla permanent beslag på rundt 15 dekar med fulldyrka og overflatedyrka jord.

Arealoversikt:

Nerlandsøybrua										
	Fulldyrka jord		Overflatedyrka jord		Beite		Åpen fastmark, tomtegrunn, gardstun		Vann	
	Permanent	Midlertidig	Permanent	Midlertidig	Permanent	Midlertidig	Permanent	Midlertidig	Permanent	Midlertidig
SUM(m2)	15236	9035	0	0	2546	7091	7420	1455	0	2086

For område der det blir lagt beslag på matjord skal det gjennomførast avbøtande tiltak. All eksisterande matjord skal takast vare på for flytting innanfor prosjektområdet eller nyttast til landbruksføremål andre stader.

Ved fjerning av matjord og undergrunnsjord for mellomlagring og tilbakeføring skal det sikrast at jordsjikta blir sortert og lagt tilbake i rett rekkefølge. For å avgrense ugrasetablering og gje betre resultat av lagringa bør lagra jord såast til manuelt med passende frøblanding.

På Igesund skal vegskråningar mot dyrkamark leggjast med ei helling på 1:8 slik at arealet kan nyttast til tilbakeføring av matjord/nydyrking.

Ved fjerning av dagens veg fram til brua på Igesundsida skal landskapet her tilbakeførast til landbruksformål, og det skal nyttast eigna massar som er mellomlagra anna stad på anleggsområdet. Tilbakeført areal er rekna til ca. 1,0 daa.

Planframlegget fører også til at 9 dekar dyrka jord kan bli midlertidig beslaglagt til rigg- og deponiområde i anleggsperioden. Det same gjeld midlertidig anleggsveg over landbruksareal. Etter at anlegget er ferdigstilt, skal areala førast tilbake til sitt opphavlege formål som LNF-areal. Tilbake i ein permanent situasjon, vil tiltaket etter vår vurdering ha mindre betydning for drifta på gardsbruket som blir berørt.

Det skal sikrast at jordpakking, endra arrondering og endra jordsamansetjing ikkje reduserer kvaliteten på landbruksjorda ved tilbakeføring til LNF-areal.

6.9 Barn og unge sine interesser

Planen legg til rette for tryggare ferdsel for mjuke trafikantar. Dette bidrar positivt til barn og unge sine oppvekstvilkår i dette området. Nye gang- og sykkelveggar fram til busslommer tryggar også til born og unge sin ferdsel i nærområdet.

6.10 Universell utforming

Gang- og sykkelveg og kollektivhaldeplassar blir utforma etter prinsippa om universell utforming i samsvar med krav i handbok N100 *Veg og gateutforming*.

6.11 Teknisk infrastruktur

Omlegging av vass- og avløpsanlegg, og el- og telekablur, vil bli vurdert i detalj i byggeplanlegginga. I eksisterande bru ligg det ein høgspenkabel som er einaste forsyning til Nerlandsøya. Denne høgspenkabelen må leggjast gjennom den nye brua.

6.12 Massehandtering

Det finst ikkje massar til bruk i sjølve vegkroppen på anlegget. Prosjektet har masseunderskot og treng ca. 103000 m² steinmassar til landkar- og vegfyllingane. Alle massane på anlegget vert klassifisert som ubrukbare massar. Ein del ubrukbare massar kan brukast på anlegget, blant anna til bakkeplanering og som vektsgrunnlag i grøfter og på vegfyllingane. Resten av dei ubrukbare massane må deponerast i nærområdet. Det er ingen slike massedeponi i planområdet.

Eksisterande veg er foreslått fjerna frå vegkrysset på Igesund til fjøra i Vaulen og jordmassar skal nyttast til tilbakefylling på dette arealet for å få til nytt jordbruksareal. Sjå for øvrig om handtering av jordmassar på landbruksareal i avsnitt 6.8 Naturressursar.

6.13 Risiko- og sårbarheit (ROS)

Plan- og bygningslova § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalyser i arealplanlegginga:

§ 4-3. Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarheitsanalyse

Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarheitsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbyggingen i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap.

Kongen kan gi forskrift om risiko- og sårbarheitsanalyser.

6.13.1 Sjekkliste

Vi har gått gjennom Fylkesmannen i Møre og Romsdal si sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i arealplanlegginga, og kommentert punkt med mogleg risiko i tabellen. Konklusjonen er at det ikkje er knytt uakseptabel risiko til tema som inngår i sjekklista.

	Er det knytt risiko til følgjande element? <i>Dersom JA – kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg. Grunngje NEI etter behov.</i>	Ja	Nei	Kommentar	
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?		X	Kommentar: På Igesund er deler av vegen innanfor NVE sine aktsemdsoner for snøskred. Tiltaket endrar ikkje risikotilhøva i området, og er ikkje i seg sjølv sårbart for skred, sjå omtale i punkt 4.6.
	b	Er området utsett for større fjellskred?		X	
	c	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		X	
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		X	Sjå omtale i punkt 4.7. Grunnboringane viser at det ute i vaulen er moderate djupner med lausmasse over berg. Lågast berg og tjukkast lausmassemektigheit er det ved innseglinga til småbåthamna. Her ligg berget ned mot kote -18, med inntil 10 m med lausmasse over.
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		X	
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyning i kjellar osv?		X	
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		X	
	h	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?	X		Kommentar: Landkarfyllinga på Igesund ligg på berg på kote 5, og på Kvalsund på lausmasse på kote 3. I Kvalsund ligg landkarfyllinga skjerna inne i fiskerihamna. I tillegg er brua utsett for vind, og det må vurderast stenging ved ekstremvær.
	i	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		X	
	j	Anna (Spesifiser)?			
Omgjevnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyning i lågareliggande område?		X	
	d	Anna (spesifiser)		X	
Vassforsyning	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		X	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4µT frå høgspenlinjer?		X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?		X	Kommentar: Det er trestolpar og ikkje gittermaster.
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		X	Kommentar: El-forsyning til Nerlandsøya blir som ein del av anlegget flytta frå eksisterande bru (skal rivast) til ny bru.
	d	Anna (spesifiser)?			
Samferdsel	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?		X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X		Kommentar: Tiltaket med to-felts bru med separat gang- og sykkelveg reduserer risikoen for ulykker på strekninga.
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendingar?	X		Kommentar: Brua kan bli stengt ved svært sterk vind.
	e	Anna (spesifiser)?			
Miljø/ Landbruk	a	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?	X		Kommentar: Det blir støv frå trafikken på strekninga, sjå omtale i punkt 6.7 og vedlagt støyrapport.

	Er det knytt risiko til følgjande element? <i>Dersom JA – kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg. Grunngje NEI etter behov.</i>	Ja	Nei	Kommentar
	b Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?		X	
	c Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?	X		Sjå omtale i punkt 6.8.
	d Anna (spesifiser)?			
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		X	
	b Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?		X	
	c Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålrensing, skipsverft, gartneri etc.?		X	
	d Anna (spesifiser) Fiskerihamn/småbåthamn.	X		Kommentar: Sjøbotn kan vere forureina av botnsmørjing frå båtar, sjå punkt 7.3.
Brann/ulukkesberedskap	a Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X	
	b Har området dårlege tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		X	
	c Anna (spesifiser)?			
Sårbare objekt	a Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		X	
	b Er det spesielle brannobjekt i området?		X	
	c Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		X	
	d Anna (spesifiser)?			
Verksemdsrisiko	a Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		X	
	b Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	X		Kommentar: Brann i bygningar eller båtar kan medføre at brua må stengjast.
	c Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		X	
	d Anna (spesifiser)?			
Ulovleg verksemd	a Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		X	
	b Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		X	
	c Anna (spesifiser)?			

Sjekklista er gjennomgått den 27.04.2018 av *sign:* GISFOS OG ROLHAM, Statens vegvesen Region midt

6.13.2 Geotekniske forhold

Dette kapittel avgrensar seg til trasé for brualternativ 5 og 10 i dette dokumentet, sjå punkt 5.2.4.

Langs traseen er det relativt flatt terreng. På lgesundsida blir det behov for masseutskifting av myr og humuslag i nokre djuprenner i berget. Omfanget av dette bør undersøkast nærare i forbindelse med byggeplanarbeidet. Det er elles mest berg og stabile grunnforhold i området.

Brua kan fundamentast på pelar til berg. Det er ved mange bruksar lite overdekning over berg, og blottgjering av berget for å sette fundament direkte på berg er då meir aktuelt. Også for fundament i sundet er dette aktuelt, då helst kombinert med bruk av senkekasser. Det bør undersøkast sikrere kor djupt fjellet ligg, og i den samanheng vil ein og få betre oversikt over lausmassane. Det kan då også bli aktuelt å direktefundamentere fleire bruksar med senkekasser på dei hardaste lausmassane i sundet.

Ved fundamentering av brua på land på Kvalsundsida må det masseutskiftast i 3-4 meter djupne. Vidare undersøkingar av dei stadlege sandige fyllmassane vil avgjere om det blir nødvendig å masseutskifte desse også under større delar av tilløpsfyllinga til brua. Dette med omsyn til fare for setning av fyllinga, stabiliteten i området er elles veldig god.

På Hardausen kjem tilløpsfyllinga noko tett innpå Kvalsundhallen på eigedommen Gr.-/Br.nr. 4/124. Det må undersøkast om det er fare for at fyllinga kan gje setning på bygget, og kva for avbøtande tiltak som eventuelt kan bli naudsynt. Dersom det må masseutskiftast inn mot bygget, kan det til dømes bli behov for å sette ein mellombels spuntvegg mot bygget.

6.13.3 Konsekvensar i anleggsfasen

Anlegget er tenkt gjennomført slik at eksisterande bru skal vere i drift i heile anleggsperioden. Høgspenkabel må leggjast i ny bru og koplast på før eksisterande bru kan rivast.

Delar av sørmoloen må gravast vekk for å få plassert hovudfundamentet til brua. Dette kan føre til meir vind lokalt og endra straumtilhøve i hamna.

Eksisterande molo i hamna på Kvalsund skal nyttast for tilkomst til hovudaksen.

Flytebrygge som blir liggjande rett sør for brutraseen må flyttast. Tilkomst for småbåtar i hamna sør for ny brutrasé skal vere sikra i heile anleggsperioden.

Utfylling for anleggsveg frå fjøra i lgesund til hovudakse bru vil gå gjennom området med strandsump og strandeng.

6.14 Økonomiske verknader for kommunen

Planen vil ikkje ha økonomiske verknader for Herøy kommune.

7 GJENNOMFØRING AV GODKJENT REGULERINGSPLAN

7.1 Gjennomføring

Utsnitt frå økonomiplanen til Møre og Romsdal fylkeskommune for perioden 2018-2021 med budsjett for 2018, sak T-63/17:

Bruer

Det er sett av midlar til følgjande prosjekt i økonomiplanperioden:

(i mill. kroner)

Bruer	Budsjett	Økonomiplan		
	2018	2019	2020	2021
Utbetring bereevne, div. bru	25	15	10	-
Nerlandsøybrua	5	50	100	60
Steinvågbrua	15	22	-	-
Jensholmbrua	10	3	-	-
Søre Smestadbrua	-	5	-	-
Rundebrua	-	-	30	31
Hulvågbrua	-	-	15	15
Åndalsnes	-	-	14	-
Honndalsbrua	-	-	6	-
Sållåsundbrua (Solheimssundbrua)	-	-	-	19
Sum Bruer	55	95	175	125

Fylkestinget vedtok i T-25/17 å ta ned kostnadane på Nerlandsøybrua og søkje andre bruløysingar for å krysse Vaulane, vidare vedtok fylkestinget at ein skulle undersøke tilstanden til Nerlandsøybrua og Remøybrua for om mogleg finne tiltak som kan forlenge levetida på bruene. Dette betyr at det ikkje ligg finansiering til bygging av den brua som no blir planlagt. Vidare arbeider fylkesrådmannen med å kartlegge om det er tiltak som kan gjennomførast for å forlenge levetida på bruene.

Kostnadsoverslaget for ny Nerlandsøybru med 20 m seglingshøgde er på 447 mill. (2017-kr) for betongalternativet og 477 mill. (2017-kr) for stålalternativet.

7.2 Grunnerverv

Vedtatt reguleringsplan dannar grunnlag for grunnerverv. Dersom ein ikkje får frivillige avtalar med grunneigarar så vil ein vedtatt plan vere grunnlag for ekspropriasjon av grunn og rettigheter. Normalt vil grunnervervet følgje formålsgrensene, slik at offentlege trafikkområde blir offentleg eigedom.

7.3 Ytre miljøplan (YM) for byggefasen

Ein Ytre miljøplan (YM-plan) skal skildre prosjektet sine utfordringar knytt til ytre miljø og korleis utbyggar skal handtere desse. YM-planen er i hovudsak eit dokument for byggherren som skal ta i vare miljøkrav som er heimla i lover og forskrifter.

Særlege miljøutfordringar som YM-planen må svare ut er:

- Handtering av framande og uønskte artar.

- Utarbeiding av rigg- og marksikringsplan. Bruk av myrmasar på anlegget.
- Forureina grunn i hamna/vaulen.
- Massehandtering i lokaliteten «strandeng og strandsump». Gjenbruk av stedlige massar ved og rundt brufundament, samt eventuelle steinfyllingar i vaulen for å bygge ny bru.
- Massehandtering i samband med bakkeplanering på Igesund.
- Reetablering av sideareal/landkarfyllingar/vegfyllingar.
- Avbøtande tiltak for sauehaldet på Igesund.
- Tilbakeføring av «Bruvegen» både på Igesund og Kvalsund.
- Riving av eksisterande Nerlandsøybru, gjenbruk av stadlege massar rundt fjerna landkar.
- Tilkopling og reetablering av høgspen nær «Kvalsundskipet».

8 INNKOMNE MERKNADER

8.1 Innspel til planarbeidet ved oppstart

Det er komme 18 innspel til planarbeidet.

Avinor, brev av 07.06.2016

Avinor viser til at dei nærmaste lufthamnene vil vere Ålesund lufthamn Vigra og Ørsta-Volda lufthamn Hovden, men at planområdet ikkje er berørt av restriksjonsområdet for desse lufthamnene.

Avinor gjer merksam på aktuelt regelverk for bruk av kranar i samband med bygging av den nye brua, samt regelverk for registrering av ferdig bygt bru.

Avslutningsvis nemner Avinor at planområdet ikkje er berørt av byggrestriksjonar for flynavigasjonsanlegg og heller ikkje flystøysoner.

Vår vurdering:

Innspelet vert teke til vitande.

Mørenett AS, e-post av 07.06.2016:

Mørenett har tre innspel. For det første at straumforsyninga til Nerlandsøya ligg på dagens bru utan ringmating, og at straumforsyninga difor må vere intakt til ny forsyning er på plass på den nye brua. For det andre at det er ein plasstøpt nettstasjon ved eksisterande brufeste på Kvalsund. Denne må kanskje erstattast før den gamle brua kan rivast. For det tredje at varselet er sendt til Tussa nett som er opphøyr, og at nytt selskap er Mørenett AS.

Vår vurdering:

Dagens bru skal vere i drift heilt fram til trafikken vert flytta over på den nye. Det er difor ikkje planar om å gjere noko med straumforsyninga før ny straumforsyning er på plass. Problemstillingar med nettstasjonen må handterast under byggeplanlegginga. Namneendringa tek Statens vegvesen til vitande.

Norges vassdrags- og energidirektorat, e-post av 13.06.2016:

NVE har ingen innspel til planarbeidet.

Vår vurdering:

Innspelet vert teke til vitande.

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard, brev av 13.06.2016:

DFM seier at dei ikkje kan sjå at den føreslegne planavgrensinga kjem i nærleiken av registrerte mineralressursar, og DMF har difor ingen merknader til oppstartsvarselet.

Vår vurdering:

Innspelet blir teke til vitande.

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, brev av 30.06.2016

Innleiingsvis peikar landbrukskontoret på at dyrka mark og landbruksdrifta må takast i vare i planlegginga, samt både i byggeperioden og for ferdig anlegg, slik at det vert rasjonelle driftseiningar på kvar side av brua. På Igesundsida er det sauehald, medan areala på Kvalsundsida har areala mindre utstrekning.

Etter landbrukskontoret si meining er brualternativ 10 det beste. Alternativet tek mindre fylldyrka dyrka areal enn til dømes alternativ 9, og areala på kvar side av vegen vert rasjonelle driftseiningar. Landbrukskontoret ber om at matjord frå fylldyrka mark vert fjerna og teken vare på, for å kunne nyttast til jordforbetring på areal som vert midlertidig omdisponert i anleggsperioden. Det må også ryddast opp i drenering og grøfter som vert skorpe av i anleggsperioden, og område på dyrka mark må settast i stand til same kvalitet som før anlegget. Om det skal byggast gang- og sykkelveg så må han leggest på sørsida av vegen. Landbrukskontoret meiner at den gamle brua vert overflødig, og reknar med at ho skal rivast. Då bør vegen fjernast og arealet gå attende til dyrka mark. Avslutningsvis vil landbrukskontoret peike på at de må takast omsyn til at det går føre seg aktivt jordbruk i området undervegs i byggearbeidet. Det er løyvd midlar til permanent gjerde rundt ein del av innmarksareala. Gjerda må erstattast med nye gjerde slik at areala kan nyttast som beitareal, samt at tilkomsten må vere sikra med nye avkøyringar.

Vår vurdering:

Det er endeleg reguleringsplan som viser kva for areal som vert nedbygt og kva som vert midlertidig disponert av anlegget. Det overordna målet er at midlertidig disponert areal skal tilbakeførast til slik det var før anlegg starta opp.

Det har vore fleire nyansar av alternativ 10 over fiskerihamna. På Igesund er plasseringa av landkaret for alternativet 10C meir eller mindre i samsvar med forslaget i reguleringsplanen, jf. også kommentar til Leif-Morten Igesund. På Kvalsund har det vore ein sørleg og ein nordleg trasé. I planforslaget er den sørlege traseen vald. Hovudaksen/brusøyla vil då bli i enden av moloen, noko som ei gunstig plassering i forhold til både leia og båt plassane.

Statens vegvesen har som intensjon at all matjord skal brukast opp på anlegget. Blant anna er det tenkt bakkeplanering, og matjorda kan brukast som toppdekke på dette området. Vidare er forslaget at Bruvegen på Igesund skal fjernast, og at det kan brukast matjord også her. Gjerde som vert fjerna må erstattast, og elles viser vi til grunnervet der gjerdespørsmåla vert avklart.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 30.06.2016:

Innleiingsvis kjem fylkesmannen inn på at det burde utarbeidast planprogram med konsekvensutgreiing. Dette ville sikre ein planprosess der fleire alternativ kan bli vurdert breiast mogeleg, og ulike interesser og eventuelle interessekonfliktar kan vurderast på ein god måte.

Natur- og miljøvern: Eit større område ved Søre Vaulen er registrert som strandeng og strandsump, med viktig verdi (B), jf naturtyperegistreringar. Vaulen er viktig som yngleområde, og for trekkfuglar og overvintrande vass-

og sjøfuglar. Området bør ikkje utsetjast for fysiske inngrep. Vidare minner fylkesmannen om reglane i naturmangfaldlova § 7, jf §§ 8-12.

Visualisering/estetikk: Fylkesmannen meiner at det må leggest fram ei visualisering av bruløysinga og eventuelle vurderte alternativ.

Støy: Støytilhøva må avklarast etter gjeldande regelverk.

Landbruk: Landbruksinteressene vert i noko grad råka av utbygginga, og det må gjerast greie for konsekvensane for landbruket herunder nedbygt areal og fragmentering. Om det vert valt eit anna alternativ enn 10, kan fylkesmannen på eit seinare tidspunkt kunne fremje motsegn mot planen. Det må takast omsyn til landbruksdrifta i anleggsperioden, og areala i gamlevegen må tilbakeførast til jordbruksareal. Matjord som vert fjerna skal takast vare på og nyttast på anlegget til tilbakeføring av jordbruksareal. Dette må inn i føresegnene til planen.

Samfunnstryggleik: Det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet. ROS-analysar kan ta utgangspunkt i Fylkesmannen si sjekklister. Risikoreducerande tiltak for skred må vurderast.

Barn og unge: Ny bru må sikre gode forhold for mjuke trafikantar.

Konklusjon: Det er lagt opp til ein reguleringsplan som er i strid med kommuneplanen, og då bør det utarbeidast planprogram med konsekvensutgreiing. Under føresetnad av at planprosessen sikrar at både landbruk og miljøinteressene vert tekne tilstrekkeleg omsyn til, vil ikkje Fylkesmannen fremje motsegn.

Vår vurdering:

Statens vegvesen meiner ein ordinær planprosess etter plan- og bygningslova gjev ei tilstrekkeleg vurdering av interessene i planområdet, dette sett i lys av gjennomført forprosjekt og vedtak i Herøy kommune og Samferdselsutvalet om å gå vidare med alternativ 10.

Brua vil skjere av den nordlege delen av området for strandeng og strandsump, jf. planomtalen.

I planomtalen er det vist ei visualisering av valt bruløysing, samt for ein del av alternativ frå forprosjektet. Det er gjennomført støyanalyse, og resultatet er vist i planomtalen.

På Igesund er det den skrinnaste delen av innmarka med berg i dagen som er valt som ny trasé. På Kvalsundsida er det ny dyrka mark på muddermassar frå hamna og vaulen som vert råka. Den nye «Bruvegen» vil på Igesundsida naturleg nok dele opp innmarka, men dette vert kompensert med at gamle Bruvegen vert fjerna og gjort om til jordbruksareal. Nytt kryss for Igesundvegen vil leggje beslag på ein del jordbruksareal, og dette har vi valt å gjere for å få ei trafiksikker løysing. Matjord skal nyttast på anlegget, jf. også kommetar til landbrukskontoret. Dette er vidare omtalt i planomtalen (YM-planen) og føresegnene.

ROS-analysen er gjennomført, og resultatet er framlagt i planomtalen. Ny bru er planlagt med gang- og sykkelveg.

Møre og Romsdal fylkeskommune, brev av 06.07.2016:

Det er registrert automatisk freda kulturminne i planområdet, idnr. 113831 (delvis utgraven tidlegare) og 136386. Fylkeskommunen viser til tidlegare brev av 21.10.2014, der dei er nøgde med at mange av alternativa ligg nordaust for dagens bru, men er likevel kritisk til høge bruløysingar nær verdifulle kulturminne (ID 45872). Dei vurderer at planområdet har potensiale for automatisk freda kulturminne, og stiller krav om arkeologiske registreringar som utbyggar må betale. Sjøfartsmuseet har også vurdert saka, og dei kjenner ikkje til kulturminne

som vert direkte råka av reguleringa, og har ingen merknader til reguleringa. Tiltakshavar har likevel plikt til å melde frå om marine kulturminne som vert oppdaga under anleggsarbeidet.

Vår vurdering:

Statens vegvesen vil gjennomføre arkeologiske registreringar i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune, og desse er omtalte i planomtalen. Vi tek vidare til vitande at Norsk Sjøfartsmuseum ikkje har merknader til reguleringa, men at nye funn må meldast.

Kystverket Midt-Norge, brev av 29.09.2016:

Innleiingsvis kjem Kystverket inn på at det er gjennomført forprosjekt med bru og tunenlalternativ, og at det i det vidare skal arbeidast med alternativet over fiskerihamna. Kystverket viser til at fiskarlaget har peika på at 30 m bruhøgde er det einaste framtidsetta alternativet. Det vert også sagt litt om Kystverket sitt ansvar innan for blant anna nasjonal transportetat til sjøs, sjøsikring av norske farvatn, maritime tenester og akutt forureining.

Kystverket meiner den nye brua vil få verkander på både bileia og fiskerihamna. Traseen langs eksisterande bru er i samsvar med kommunedelplan. Bruhøgde og seglingslei vil vere hovudspørsmålet i planarbeidet, og om planlegginga skal leggje til rette for båtar som treng 20, 25 eller 30 m seglingshøgde.

Reguleringsarbeidet for ein trasé midt gjennom hamna må omfatte ny heilheitleg arealbruk for sjø- og landareala i heile hamna.

Kystverket viser til at utdjuping av Fosnavåg fiskerihavn er prioritert i Nasjonal transportplan, og at vi må anta at det i levetida for brua også vil vere rom for innaskjers segling for dei fartøya som Søre Vaulen er utdjupa for.

Kystverket kjem inn på den historiske utviklinga av Søre Vaulen som bilei, og kva slags betydning dette har hatt i fiskerisamanheng, og at dagens havgåande fiskeriflåte ikkje kan nytte vaulen. Mykje av årsaka til dette er det smale partiet mellom hovudsøylene på dagens bru, og at det ikkje er grunnlag for anna enn vedlikeholdsmuddring. Forprosjekt utført av Kystverket viser at båtar med djupne på 4,6 m ikkje kan passere på fjøre sjø. Ei ny bru gjev moglegheiter for seinare tilrettelegging av bileia. Ei ny bru med same seglingshøgde som i dag vil med 100 års levetid vere lite framtidsetta.

Alt. 5 (30 m) og alt. 10 (20 m): Går midt gjennom hamna på 5 søyler. Krev då at heile hamna på land og sjø skal regulerast. Kan forvente motsegn (innsigelse) om hamneinteressene ikkje er ivaretatt i tilstrekkeleg grad. Dei anbefalar at planavgrensinga vert utvida i nord til også å omfatte første eigedom nord for nordmoloen. Eigedommen er klausulert til fiskeriareal. Endefyllingane må avsluttast før hamnevegen, og traséen flyttast nærmare industri/lagerbygg. Søyleplassering og byggegrenser må visast. Oppsummeringsvis er dette dei minst gunstige alternativa for hamna, og bør ikkje vidareførast i planprosessen.

Alt. 9 (30 m) og alt. 11 (20 m): Er eit betre traséval enn over fiskerihamna, og samsvarar med nyleg vedteken kommunedelplan. Ved å justere dette alternativet kan de vere plass til naustrekkje ved sørmoloen, og ved redusert fyllingslengde kan vi spare bebyggelse. Om alt. 9 og 11 ikkje er aktuelt, anbefalar Kystverket å ta fram at forkasta alt. 6 langs nordmoloen. Avslutningsvis anbefalar Kystverket at søre trasé vert lagt til grunn i det vidare planarbeidet med 30 m over HAT.

Vår vurdering:

I forprosjektet konkluderte vi med at ny bru nord for og parallelt med dagens bru ville vere den sikraste kryssinga av Søre Vaulen. Herøy kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune har fatta vedtak om å gå for kryssing over

fiskerihamna med 20 m seglingshøgde. På bakgrunn av desse vedtaka er det valt å gå vidare med alternativ 10 (20 m). Det har ikkje vore grunnlag for å sjå meir på forkasta alternativ.

Bileia er i dag smal og 5-6 m djup, og det er ikkje gjennomført muddring for å utvide leia. Det einaste er vedlikehaldsmuddring. Avstanden mellom hovudsøyene er 40 m, og seglingsløpet ned mot 20 m. Det smale seglingsløpet under brua gjev ikkje grunnlag for bruk av større båtar. Det er ikkje aktuelt å utføre muddring så lenge passasjen under sjølve brua er flaskehalsen i systemet.

Statens vegvesen har regulert heile hamneområdet på Kvalsund, men området er ikkje utvida til også å omfatte første eigedom nord for nordmoloen. I forslaget til reguleringsplan er det fem søyler i hamnebassenget på Kvalsundsida (forprosjekt bru). Den første står nær land, medan den siste står nord for spissen av sørmoloen, men slik at det er utanfor leia. Landkarfyllinga (endefyllinga) går heilt ned mot hamna, men slik at det er plass til ein veg i mellomrommet. Forslaget til brutrasé er flytta nærmare Kvalsundhallen enn det alternativ 10 i forprosjektet viser.

Helge Kvalsvik, e-post av 10.06.2016:

Helge Kvalsvik har eigedomsinteresser på Kleivaneset. Han ønskjer avkøyrsløse for å kunne bygge bustader, og har vore i kontakt med Statens vegvesen i 2012 om spørsmålet. Han håpar at det vert regulert heilt til Huldalskrysset, slik at hans planar vert tekne med.

Vår vurdering:

Spørsmålet om regulering heilt inn til Fosnavåg sentrum for å sikre gode forhold for mjuke trafikantar har vore oppe til diskusjon. Møre og Romsdal fylkeskommune har som vegeigar bestemt at reguleringa i samband med Nerlandsøybrua skal avgrensast til berre å gjelde området som er nødvendig for å tilpasse den nye brutraseen til eksisterande veg. Dette medfører at reguleringa startar i Kleivavika, og ikkje ved Huldalskrysset. Det er difor ikkje aktuelt å sjå på avkøyrsløse spørsmål til Kleivaneset i denne reguleringa.

Leif-Morten Igesund v/adv. Ingvar Seth, brev av 22.06.2016:

Merknaden er systematisert i 10 enkeltpunkt. Innleiingsvis vert det sagt at eigdommen til Leif-Morten Igesund (gnr. 35 bnr. 1) er ein av dei eigedommane som er kraftigast berørt, og at det er eit monaleg sauehald på garden.

1. Plassere brua nordleg etter alternativ 10C som gjev minst inngrep i dyrka mark.
2. Ikkje bruke dyrka mark til riggområde i anleggsperioden, sidan Igesund har bruk for all mark i sauedrifta.
3. Må kunne passere med traktor under landkar/brukar på Igesund-sida.
4. Rydde og stelle til området heilt inn til fyllingsfot, slik at det er mogeleg med naturleg drift.
5. Ta ut planområdet på dyrka mark på sørsida av eksisterande veg mot Fosnavåg. Det einaste der det arealet som ei utvidinga av eksisterande fylkesveg treng på ei kort strekning.
6. Vil ha planområdet meir konkretisert slik at ein kan få oversikt over kva som blir berørt og ikkje berørt.
7. Ønsker at reguleringa går til Huldalskrysset.
8. At eksisterande fylkesveg til bru vert fjerna, og arealet blir tilbakeført til LNF. Igesund er interessert i og overta arealet.
9. Det er trangt mellom bebyggelse og fylkesvegen forbi tunet. Ønskjeleg at det blir betre avstand mellom hus og veg.

Vår vurdering:

Det har vore fleire nyansar av alternativ 10 over fiskerihamna. På Igesund er plasseringa av landkaret for alternativet 10C meir eller mindre i samsvar med forslaget i reguleringsplanen. Vi snakkar om ei forskyving ca. 20 m nordover for alternativ 10C.

Det blir ikkje lagt opp til meir bruk av dyrka mark til anlegg- og riggområde enn nødvendig for å gjennomføre bygginga av brua. Riggområde bør ikkje plasserast på dyrka mark, medan anleggsområdet nødvendigvis må følgje traséen for veggen og brua.

Det vil bli sett av nødvendig areal til passering for traktor under landkaret.

Som ein del av avslutninga av anlegget skal anlegg- og riggområde settast i stand. Korleis sluttresultatet skal vere vert også ein del av dialogen med grunneigarane, særleg i samband med sjølve grunnervet.

Området på oppsida av fylkesvegen mot Fosnavåg er gjort så lite som mogleg, og er regulert berre som eit heilt nødvendig anleggbelte.

Det har vore dialog med Igesund om planlegging av beiteareal til sauedrifta. Dette er areal utanfor det regulerede området. Reguleringsforslaget viser konkret kva for areal som blir berørte.

Når det gjeld spørsmålet om regulering til Huldalskrysset, viser vi til kommentarar til Helge Kvalsvik.

Det regulerede arealet ned til eksisterande bru på Igesund (Bruvegen), er i forslaget til reguleringsplan sett av til landbruksområde. Det er i reguleringsplanen ikkje teke stilling til kven arealet skal tilbakeførast til. Ei naturleg løysing ville vere å tilbakeføre arealet til den eigdommen som i si tid avstod det til vegformålet.

Statens vegvesen meiner at det ikkje bør gjerast noko med eksisterande veg forbi busetnaden ved bnr. 1.

Trafikken vil gå kraftig ned når den nye brua er på plass, og på den bakgrunn vert tilhøva langt betre enn dei har vore fram til omlegginga.

I området ved Kleivavika er det i forslaget til reguleringsplan langa ny fellers avkøyrsløse på nedsida av veggen.

Denne avkøyrsla er også tenkt brukt for bnr. 1 sin teig. På oppsida av veggen vil tilkomsten til teigen bli langs «nye Igesundvegen».

Oline Igesund v/Odd Ivar Igesund, e-post av 29.06.2016:

Det vert opplyst om at hovudvassleidninga til Igesund ligg langs fylkesvegen over heile eigdommen. Vidare vert det vist til at eigdommen er regulert til S1 i kommuneplanens arealdel, og at dette formålet skal oppretthaldast. Det er gode forhold for bustadbygging, og at Statens vegvesen må legge til rette for full infrastruktur (vasstilførsel, avkøyrsløse mv.) for gnr. 35 bnr. 28.

Vår vurdering:

Statens vegvesen tek til vitande at vassleidninga ligg over eigdommen. Kva som skal skje med leidninga må avklarast med leidningseigar. Dette vil først skje etter at planen er godkjent og byggeplanlegginga startar opp.

Statens vegvesen vil legge opp til at dagens situasjon vert oppretthalden i forslag til regulering med opparbeiding av ny driftsavkøyrsløse. Framtidig regulering av eigdommen må handterast etter føresegnene (pkt. 2.5) til kommuneplanen.

Nerlandsøy grendalag v/Torbjørn Hide, e-post av 29.06.2016:

Nerlandsøy grendalag viser til at planarbeidet med nye Nerlandsøybrua ikkje omfattar samanknytning med eksisterande gang- og sykkelvegnett i Fosnavåg, og at det er sær viktig at dette vert teke med i det pågåande planarbeidet.

Vår vurdering:

Det er i dette planarbeidet ikkje aktuelt å regulere slik at gang- og sykkelvegnettet for nye Nerlandsøybrua vert knytt saman med eksisterande gang- og sykkelvegnett inne i Fosnavåg, jf. elles kommentar til Helge Kvalsvik.

Teigetind AS v/Kari Sævik Kvalsund, brev av 29.06.2016:

Dei ber om at veg og bru vert utforma slik at næringsutvikling på bnr. 335, 110 og 112, samt dei delene av bnr. 106 og 109 Teigetind har forkjøpsrett på, kan gjennomførast som planlagt. Ønskjer også at forslag til detaljplan for Kvalsund hamn, utarbeidd av Rambøll på oppdrag for Herøy kommune, vert lagt til grunn i det nye planarbeidet med Nerlandsøybrua.

Vår vurdering:

Forslaget til reguleringsplan for nye Nerlandsøybrua vil i større og mindre grad fysisk berøre eigedommane gnr. 4 bnr. 335, 106 og 112, og særleg bnr. 335 vert kraftig berørt av steinfyllinga for landkartet. Brua vil gå over bnr. 109, men første brusøyla frå Nerlandsøysida vil stå nær eller delvis på denne eigedommen. Bnr. 110 vert ikkje berørt. Den nye brua vil medføre at forslaget til regulering for Kvalsund hamn må gjerast om for areala berørt av veg- og brutraseen, og også dei nærliggjande areala har fått nye reguleringsformål.

Odd Kvalsund, Trond Kvalsund, Egil Kvalsund og Jon Kvalsund, brev av 29.06.2016:

Innleiingsvis skriv dei at underteikna er grunneigarar og representantar for grunneigarar på gnr. 4 bnr. 195. Dei viser til forslag til detaljregulering for Kvalsund hamn, utarbeidd av Rambøll på vegne av Herøy kommune, og ber om at arealutnyttinga frå dette forslaget vert langt til grunn i det nye planarbeidet.

Vår vurdering:

Forslaget til detaljregulering frå tidlegare plan vert også lagt til grunn for reguleringa i det nye forslaget. Det er med andre ord ikkje lagt til grunn endringar i arealutnyttinga for denne eigedommen.

Jakob Kvalsund og Egil Kvalsund, brev av 30.06.2016:

Innleiingsvis skriv dei at underteikna er grunneigarar og representantar for grunneigarar på gnr. 4 bnr. 4, 67 og 259. Dei ønskjer at tidlegare planarbeid for Kvalsund hamn, utarbeidd av Rambøll på oppdrag frå Herøy kommune, vert lagt til grunn så langt som råd i det vidare planarbeidet for deira område. Dette gjeld fylling i hamnebassenget, kaifront langs denne og naustbygging på deira grunnareal i hamnebassenget, samt for næringsutvikling knytta til bnr. 110, 112 og 259.

Dei skriv også at ved eventuell riving av gamal bru kan også deira areal mellom gamal bru og molo nyttast til naustføremål, men dette likevel under føresetnad av at siktlinjer frå kulturminneområdet ikkje vert påverka, eller at nye tiltak får ein dominerande plass nær det verdifulle fornminneområdet.

Dei er opne for grunnforhandlingar om traseen skulle bli over deira del av hamnebassenget.

Vår vurdering:

Tidlegare planarbeid for Kvalsund hamn er så langt det er muleg lagt til grunn i forslaget til reguleringsplan, men det er ikkje til å unngå ein del endringar når ny bru er foreslått over hamna. Ein liten teig til bnr. 4 i hamna ligg i traséen for den nye brua, medan bnr. 259 er berørt av omlegging av gamle Bruvegen. Bnr. 67 ligg sør for og utanfor planområdet.

Frå gamle Bruvegen til sørmoloen er det i forslaget regulert vegtilkomst, og det er ikkje att areal til nytt naustføremål.

Spørsmålet om grunnavståing tek Statens vegvesen til vitande.

Frode Voldsund, e-post av 30.06.2016:

Han viser til at han har båt med rigg på 17,5 meter over havflata, og at han av den grunn kanskje må ligge på nord av eventuell ny bru over hamna, eller at han må komme seg under den nye brua. Vidare kjem han inn på at det tek lang tid å få plass i hamna, og at plassen er 5 m brei med 10,25 m gangbar utriggar. Eit båtskifte kan også medføre høgare rigg. Til slutt har han eit håp om at båtplassen ikkje vert forringa ved denne utbygginga.

Vår vurdering:

Den omtalte flytebyggja vil bli flytta nord for nyebrua. Dette skulle medføre at mastene til seglbåten ikkje kjem i konflikt med brua. Statens vegvesen meiner difor at verdien av båtplassen ikkje er forringa.

Søre Vaulen Småbåtlag v/Ragnvald Kvalsvik og Aksel Kvalsvik, e-post av 30.06.2016:

Styret i Søre Vaulen Småbåtlag har behandla forslaget til traséval for den nye brua, og dei går inn for at ein vel alternativ 10C med gangbane på nordsida.

Vår vurdering:

Alternativet 10C vil for Kvalsundsida gå «midt» gjennom Kvalsundhallen. Forslaget til trasé er lengre mot nord, og berører ikkje Kvalsundhallen, men er meir i samsvar med slik alternativ 10 har vore frå utgangspunktet, jf. også kommentar til Leif-Morten Igesund. Gang- og sykkelvegen er plassert på nordsida av brua/vegen.

Sameiget Kvalsundhallen v/Jon Arild Goksøyr, e-post av 31.07.2016:

Innleiingsvis seier dei at dei ønskjer ny bru velkommen. Dei meiner at ny veg og bru må liggje så nær naustrekkjene som råd, fordi areala frå Byggsentert/Kvalsundhallen er viktig for vidare vekst og utvikling. I hamnebassenget må det vere lengst mogeleg avstand mellom bæresøylen for å gi god utnytting av omtalte hamnebasseng. Hovedspennet må tilfredsstillende 25 m seglingshøgde, noko som også vil gi god høgde i hamna. 25 m er det same som for Rundebrua. Sameiget meiner at dersom deira merknader ikkje vert hensyntatt, så vil det nedgradere bruken av hamna og farleia, samt forringe både bruksverdi og økonomisk verdi av eigedomane i området.

Jon Arild Goksøyr meiner som privatperson at gang- og sykkelvegen må ligge på nordsida av brua, slik at mjuke trafikantar vert verna mot ver og vind.

Vår vurdering:

Ny bru er trekt bort frå naustrekkjene og lagt nærmare Kvalsundhallen. Bakgrunnen for dette er plasseringa av hovudsøyla ved enden av sørmoloen, samt at ein unngår brua over store dalar av det «frie» hamnebassenget. Det er lagt opp til 5 brusøylar i hamnebassenget på Kvalsundsida med betongbru. Ved val av stålbru kan det reduserast til 3. Bru på 25 m har ikkje vore vurdert korkje i forprosjekt konsept eller under utarbeiding av reguleringsforslaget. Ønskje frå Herøy kommune og Kystverket har vore 30 m seglingshøgde. Forringing av bruksverdi og økonomisk verdi vert ein del av grunnforhandlingane og dei avtalane som skal inngåast før anleggsstart.

I forslaget til reguleringsplan er gang- og sykkelvegen lagt på nordsida av brua.

REGULERINGSFØRESEGNER FOR DETALJREGULERINGSPLAN FOR Fv. 20 Nerlandsøybrua, Herøy kommune

Planidentifikasjon: 201803

Kommunens sak/arkivnr: 2015/596/9/L13

Planforslagsdato: 2018-03-23

Revidert etter innkomne merknader: 2018-xx-xx

Vedtatt i kommunestyret i sak xx/2018:

Revidert etter innkomne klager:

§ 1. Generelt

1.1 Planavgrensning

Reguleringsplanen omfattar planomtale, reguleringsføresegner, teikningar og reguleringsplankart i målestokk 1: 1000; blad 1-4. Regulert område er vist med reguleringsgrense på reguleringsplankarta. Reguleringsføresegnene gjeld for areal som ligg innanfor plangrensa.

1.2 Reguleringsformål

Planområdet er regulert til følgjande formål:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, punkt 1):

- Bustader (B)
- Sentrumsformål (BS)
- Næringsbygningar (BN)
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag (BSB)
- Uthus/naust/badehus (BUN)
- Kontor/Industri (BKB)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, punkt 2):

- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (o_S)
- Køyreveg (o_SKV, f_SKV og SKV)
- Gang- og sykkelveg (o_SGS)
- Annan veggrunn – tekniske anlegg (o_SVT)
- Annan veggrunn – grøntanlegg (o_SVG)
- Kai (SK)
- Kollektivhaldeplass (o_SKH)
- Parkering (o_SPA)
- Køyrlar gang- og sykkelveg (o_SKF)

Grøntstruktur (PBL § 12-5, punkt 3):

- Vegetasjonsskjerm (GV)

Landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift (PBL § 12-5, punkt 5):

- Landbruksformål (LL)

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (PBL § 12-5, punkt 6):

- Farleier (o_VF)
- Hamneområde i sjø (o_VHS)
- Småbåthamn (o_VS)
- Naturområde i sjø og vassdrag (o_VNV)

Omsynssoner (PBL § 12-6):

- Faresoner:
 - Høgspenningsanlegg, høgspenkablar (H370)
- Soner med særlege omsyn:
 - Bandlegging kulturmiljø (H730)
 - Bevaring kulturmiljø (H570)

Områdeføresegner (PBL § 12-7, punkt 1):

- Områdeføresegner, RpBo
- Mellombels rigg- og anleggsområde (#)

§ 2. Fellesføresegner

2.1 Kulturminne

Dersom det i samband med utbygginga blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast i den utstrekning det berørte kulturminnet eller sikringssona på 5 meter kjem i konflikt med anleggsarbeidet. Funn skal straks meldast til fylkeskommunen si kulturavdeling, jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

2.2 Universell utforming

Gang- og sykkelveg, busshaldeplassar og parkeringsplassar skal byggast etter prinsippa om universell utforming.

2.3 Støy

- Rettleiar for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) skal ligge til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen. Målet er å oppfylle grenseverdi 55 dB (Lden) på uteoppshaldsplass og utanfor vindauge til rom med støyfølsam bruk. For innandørs støynivå i bustader er ambisjonsnivået 30 dB (Leq24h). Naudsynte tiltak mot støy går fram av støyutgreiing for *Fv 20 Nerlandsøybrua - Støyrapport* datert 21.12.2017. Støyskjerm er planlagt på Kvalsund ca. profil 2000-2100 på venstre side, skjermen skal vere omlag 1,2 m høg.
- Bustader som etter dei fastlagte støytiltaka likevel får eit støyinnivå over Lden 55 dB på uteoppshaldsplass eller over 30 dB innandørs, skal få tilbod om lokal skjerming og/eller fasadetiltak i samband med gjennomføring av reguleringsplanen. Fritidsbustader skal tilsvarende ha tilbod om lokal skjerming av uteoppshaldsplass, og vere sikra ei stille side (Lden 55 dB på fasade utanfor første etasje). Ei oversikt over kva eigedomar som i byggeplan vil verte nærmare vurderte for mulige støytiltak, går fram av tabell 6.7.1 i planomtalen. Konkret utforming og utføring av lokale støytiltak blir avklart i

samråd med den aktuelle eigaren, og eventuelt gjennom byggesaksbehandling dersom tiltaket er søknadspliktig. Ved fasadetiltak skal det sikrast tilfredsstillande ventilasjon i samsvar med byggteteknisk forskrift til plan- og bygningslova.

- For bygningar bygd før 1987 og der kostnadane med støytaktak blir uforholdsmessig høge, kan ein avvike frå grenseverdiane for innandørs støy med opp til 5 dB, tilsvarende krava i NS 8175 klasse D.
- Støytaktak skal være ferdigstilt før veganlegget blir opna for trafikk.

2.4 Byggegrense langs offentlig veg

Byggegrense til vegen følger veglova § 29 andre ledd, der anna ikkje er vist på plankarta. For hovudvegen vil byggegrensa vere 50 m frå senterlinja på vegen.

2.5 Tiltak langs offentlig veg

Ved tiltak langs vegen skal det ikkje gjerast terrengingrep som gir vegkroppen dårlegare stabilitet.

2.6 Frisiktlinje ved vegkryss

Innanfor frisiktlinje ved vegkryss skal det vere fri sikt i høgde 0,5 meter over tilstøytande vegar.

2.7 Landskapsbehandling og terrengtilpassing

- Eksisterande botnvegetasjon og vekstmedium innanfor alle område som blir omfatta av vegbygginga (inkludert midlertidig rigg- anleggsområde), skal som første del av anleggsarbeidet takast av og mellomagrast på bestemte område i anleggsperioden.
- Botnvegetasjon og vekstmedium skal mellomagrast separat, og tiltak skal gjerast for at massane ikkje risikerer å bli infisert av ugras eller ureine massar. Resterande matjord, som ikkje inneheld ugras og uønskte artar, skal mellomagrast og leggjast ut igjen, men då utan synlege rester av røter og plantemateriale. Jord frå jordbruksareal og grøfter skal ikkje brukast som vekstmedium i område der det skal gjennomførast naturleg revegetering. Alt nytta areal knytt til veganlegget skal settast i stand og såast til, med nemnte unntak for område der det skal gjennomførast naturleg revegetering.
- Tilbakeført/nydyrka areal skal ha ein jordstruktur og dreneringsstaus som sikrar produksjonsevna til arealet. Utbygginga må gjennomførast på ein måte som minimerer/reparerer jordpakking, og hindrar innblanding av stein i dyrkingslaga. Matjord- og ev. strukturlag som blir fjerna for mellomagring og tilbakeføring skal vere lagra kvar for seg, og bli lagt ut att i rett rekkefølge. Matjord skal lagrast i opp til to meter høge rankar.
- Matjord og andre vekstmassar i område som blir rørt av utbygginga (inkludert mellombels rigg- og anleggsområde), skal takast av. Matjord og andre vekstmassar som skal brukast til tilbakeføring av området kan mellomagrast i tiltaksområdet. Eventuell ny jord som blir tilført anlegget skal tilfredsstillende krav i Håndbok R761 – Prosesskode 1.
- Nytt veganlegg skal utførast slik at det blir best mogleg tilpassa eksisterande terreng og omgivnader. Alle skjeringar og fyllingar skal avsluttast inn mot terreng, slik at sideområda får ein estetisk god utforming, og slik at overgangen mot eksisterande terreng blir så naturleg som mogleg.
- Vilt- og sikringsgjerdar skal plasserast på ein best mogleg estetisk måte i terrenget.

2.8 Tiltak i og langs vassdrag

Alle bekk-/elveomleggingar må ta omsyn til vassføring, erosjonssikring, biologisk mangfald og god istandsetting av landskapet. Det skal ikkje etablerast nye kulvertar/bruer som hindrar fisken i å passere.

Det skal takast omsyn til kantsoner langs bekkar og elvar og dei må vernast på best mogleg måte. Det skal gjennomførast tiltak for å unngå tilslamming av vassdrag. Der kantsonen blir øydelagt, skal denne revegeterast/plantast så snart som mogleg.

2.9 Avvik i arealet for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Grunnerverv skal skje i samsvar med godkjent reguleringsplan. Endringar innanfor område regulert til veg vil kunne skje som følge av som for eksempel grunnforhold, feil kartgrunnlag og optimalisering av løysing. Areal som ikkje blir brukt til vegformål, skal nyttast som tilstøytande formål eller gå tilbake til opphavleg formål.

2.10 Byggjemelding/byggjesøknad

Saman med byggjemelding/byggjesøknad skal det leverast plan for den ubygde delen av tomta (utomhusplan) i målestokk 1:200.

Planen skal vise:

- Plassering av bygning, møneretning, etasjetal, høgde og form
- Biloppstillingsplassar
- Planter, grøntområde
- Møblering
- Belysning
- Høgder og fall på terreng og murar
- Anlegg som støttemurar og liknande
- Gangliner

Kommunen skal også sjå til at nybygg har arkitektoniske kvalitetar som speglar si eiga tid. Bygg og uteområde skal opparbeidast med god estetisk standard. Utforminga skal vere avdempa i forhold til fargebruk. Det må ikkje nyttast utvendig kledning, faste bygningselement eller takteking som i material- og/eller fargebruk verkar dominerande (t.d. signalfargar) eller skjemma for omgjevnadane.

2.11 Gesimshøgder

Gesimshøgde skal målast som definert i Teknisk forskrift til plan- og bygningslova. Tillate gesimshøgder er oppgitt under dei enkelte byggeområda i føresegnene.

2.12 Avfallscontainerar

Alle område skal haldast ryddig. Bygningar skal ha eigne rom for oppbevaring av avfallscontainerar. Utelagring er ikkje tillate.

§ 3. Bygningar og anlegg

3.1 Bustader (B)

Formål, utnytting og høgder

Område merka B på plankartet er sett av til bustader.

Bygningar kan førast opp med ei gesimshøgde på maksimalt 8 m.

For B er BYA sett til 30%.

3.2 Sentrumsformål (BS)

Formål, utnytting og høgder

Område merka BS på plankartet er sett av til sentrumsformål. Før utbygging kan ta til må områda Kleivavika og Kleivaneset detaljregulerast.

3.3 Næringsbygningar (BN)

Formål, utnytting og høgder

Områda merka BN1 og BN2 på plankartet er sett av til næringsbygningar, dvs. maritimt retta næringsverksemd og sjøbuer for fiskerinæring.

Bygningar kan førast opp med ei gesimshøgde på maksimalt 8 m.

For område BN1 og BN2 er BYA sett til 50 %.

Utforming av bygningar og anlegg

Utfylling skal skje innanfor område avsett til næringsverksemd på plankartet med opparbeida avgrensing til sjø i naturstein eller tilsvarende materiale.

Nybygg skal i størst mogleg grad oppførast i likskap med stadleg sjøhusarkitektur og/eller vere i stil med eksisterande bygningar.

3.4 Småbåtanlegg (BSB)

Formål, utnytting og høgder

Områda merka med BSB1 og BSB2 på plankartet er sett av til småbåtanlegg med landfunksjonar for småbåthamn, samt slipp for sjøsetting / opptrekk av båtar.

BSB1: Skal opparbeidast som ein molo mellom småbåthamna og hamneområdet. Ingen bygningar kan førast opp her.

BSB2: Det kan oppførast anlegg og konstruksjonar som naturleg høyrer til småbåthamna som båttopptrekk og slipp. Det kan førast opp naudsynt servicebygg for stelling av båtar.

3.5 Naust (BUN)

Formål, utnytting og høgder

Område merka BUN1 – BUN5 på plankartet er naustområde som skal brukast til oppbevaring av båt og tilhøyrande reiskap/vegn. I naustområde skal det ikkje førast opp bygg anna enn i risikoklasse 1, jf. byggteknisk forskrift § 11-2. Det er forbod mot å innreie rom/loft i naust til varig opphald.

Når naustgrupper får større samla areal enn 480 m², skal det vere 8 m avstand til neste naustgruppe. Alternativ til 8 m avstand er brannskiljekonstruksjon som held klasse EI 60. Dobbeltaust med storleik over 60 m² må ha brannskiljekonstruksjon som held klasse EI 60 mot andre naust.

Ferdig golv i naust skal plasserast i intervallet 1,5 – 2,5 over kote 0 avhengig av terrengtilhøva på staden, og alle konstruksjonar skal dimensjonerast og utformast til å kunne tole påkjenningar ved stormflo.

Mønehøgde, rekna frå topp golv nærast sjøen, skal ikkje vere større enn 6,5 m.

Naust skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30 – 40 grader.

Vindaug må vere av avgrensa storleik og samsvare med behovet knytt til naustfunksjonen.

Vindaugarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA).

Det skal ver mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom naust og naustgrupper. Det er ikkje tillate med gjerde/leveg eller andre stengsler i områda. Naust skal vere i tradisjonell stil med trekledning og enkel utforming utan ark, kvist og andre takopplett, balkongar, altan, karnapp eller liknande fasadeelement som ikkje er i samsvar med naustet sin funksjon. Fargebruken skal vere avdempa. Dette gjeld også fargen på lister og annan detaljering.

3.6 Kombinert kontor- og industriformål (BKB)

Formål, utnytting og høgder

Område merka BKB på plankartet er sett av til kombinert kontor- og industriformål.

Bygningar kan førast opp med ei gesimshøgde på maksimalt 6 m og ei mønehøgde på maksimalt 9 m.

For BKB er BYA sett til 50%.

Utforming av bygningar og anlegg

Kommunen skal godkjenne plassering av nybygg.

Nye bygg på område BKB skal innpassast i ei heilheitleg løysing for området.

Nybygg skal i størst mogleg grad oppførast i likskap med stadleg sjøhusarkitektur og/eller vera i stil med eksisterande bygningar.

§ 4. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

4.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

4.2 Køyreveg (SKV)

4.2.1 Offentleg køyreveg

- Køyreveg merka o_SKV skal nyttast til offentleg køyreveg, og omfattar vegbane med skulder, bruer, undergangar, kryssområde og stopplommer.
- Fv. 20 har regulert breidde i samsvar med profil vist i figur 5.1.1 i planomtalen (hovudveg Hø2 med breidde 7,5 m), og planlagt høgde er vist på C-teikningar vedlagt reguleringsplanen.
- Veg1 i Kvalsund hamn skal ha ei breidde på 6,5 m og Veg2 ei breidde på 4,5 m.
- Det er ikkje tillate med andre avkøyrslar til hovudvegen og på sidevegar enn dei som er vist på plankartet. Felles avkøyrslar og private avkøyrslar er regulert som ein del av køyrevegen, og skal vere eigd av det offentlege. Vedlikehaldet skal skje i samsvar med punkt 9 i «Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrslar fra offentlig veg».

4.2.2 Felles vegar

Det er regulert felles vegar merka med f_SKV lista opp nedanfor.

- f_SKV1 for gnr. 35/10, 35/11, 35/37, 35/72, 35/77, 35/79 m.fl.

Vegane gjelder også for eventuelle eigarar av rettar.

4.2.3 Private vegar

Det er regulert private vegar merka med SKV for eigedomane lista opp nedanfor.

- SKV for gnr. 35/10.

Vegane gjelder også for eventuelle eigarar av rettar.

4.3 Gang- og sykkelveg (SGS)

- Område merka o_SGS skal nyttast til offentleg gang- og sykkelveg, og har ei regulert breidde på 3,0 meter.
- Gang- og sykkelveger skal byggjast etter prinsippet om universell utforming.

4.4 Kjørbar gang-/sykkelveg (SKF)

Områda merka o_SKF1 og o_SKF2 skal nyttast til kjørbare gang- og sykkelveg med breidde på 4 m.

4.5 Gangveg/gangareal (SGT)

Område merka o_SGT skal nyttast til offentleg gangareal og venteareal for buss. På desse områda kan det settast opp busskur. Områda skal ha universell utforming.

4.6 Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)

Sideareal merka o_SVT, f_SVT og SVT skal nyttast til skjeringar, fyllingar, grøfter, rekkverk, murar og eventuelle støyskjermingstiltak langs offentleg, felles og privat køyreveg. Teknisk infrastruktur som rør, kablar, slukar, skilt/skiltportalar, veglys og viltgjerder kan også plasserast innanfor arealet.

4.7 Annan veggrunn – grøntareal (SVG)

Sideareal merka o_SVG, f_SVG og SVG skal nyttast til skjeringar, fyllingar, grøfter, rekkverk, murar og eventuelle støyskjermingstiltak langs offentleg, felles og privat køyreveg. Teknisk infrastruktur som rør, kablar, slukar, skilt/skiltportalar, veglys og viltgjerder kan også plasserast innanfor arealet.

4.8 Kai (SK)

Formål, utnytting og høgder

Kai o_SK1

Området er avsett til offentleg kai, og skal nyttast i samband med slipp og naust. Kaia skal opparbeidast på ein robust og handverksmessig god måte med dekke av tre. Søknad om tiltak skal innehalde teknisk dokumentasjon av robustheit og kvalitet.

Kai o_SK2 og o_SK3

Områda er sett av til offentleg kai.

I områda kan det tillatast oppføring av bygningar og anlegg som er naudsynt for offentleg trafikkavvikling. Områda skal vere allment tilgjengeleg og kan ikkje gjerdast inne på nokon måte.

Kai f_SK1 og f_SK2

Områda er avsett til kai, og nyttast i samband med naust på områda BUN4 og BUN5.

Kaiane skal opparbeidast på ein robust og handverksmessig god måte med dekke av tre.

Søknad om tiltak skal innehalde teknisk dokumentasjon av robustheit og kvalitet.

4.9 Kollektivhaldeplass (SKH)

Område merka o_SKH1 og o_SKH2 skal nyttast til haldeplassar for buss. Områda skal ha universell utforming.

4.10 Parkeringsplassar (SPA)

Parkeringsplassar skal ha fast dekke og skal planleggjast med ei hovudinndeling som gir rasjonell utnytting av plassen.

- Områda merka o_SPA1 og o_SPA2 og skal nyttast til offentleg parkering i Kvalsund hamn.
- Områda merka f_SPA1, f_SPA2 og f_SPA3 skal nyttast til felles parkering i tilknytning til naustområda i Kvalsund hamn.

§ 5. Grøntstruktur

5.1 Vegetasjonsskjerm

- Områda merka o_GV1 og o_GV2 skal nyttast til vegetasjonsskjerm.
- Område o_GV1 er sett av som ein buffer rundt bekkemunninga i Kvalsund hamn og område o_GV2 er sett av som buffer mellom ny veg og eksisterande bustader i Kvalsund.
- Områda skal behaldast slik som i dag og o_GV2 kan plantast til for å oppnå betre skjerming.

§ 6. Landbruk, natur og friluftsområde og reindrift

6.1 Landbruks-, natur- og friluftsområde

Område merka LL skal nyttast til landbruksformål.

I område med mykje vassig bak vegskjeringane er det tillate å bygge terrenggrøfter.

§ 7. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

7.1 Farleier (VF)

Område merka med o_VF på plankartet er sett av til farleier.

7.2 Hamneområde i sjø (VHS)

Område merka med o_VHS på plankartet er sett av til hamneområde.

Det er ikkje tillate å legge leidningar eller rør i område til hinder for oppankring eller bruk av anker i samband med tillegging til kaier. Andre tiltak som kan bli til hinder for ferdsel på sjø skal ikkje tillatast.

Før tiltak i sjø kan settast i verk må det ligge føre løyve etter hamne- og farvannslova.

7.3 Småbåthamn (VS)

Områda merka med o_VS1 og o_VS2 på plankartet er sett av til småbåthamn/marina.

Det er tillate med etablering av landfaste flytebrygger. Det er også tillate med utlegging av mindre flytebrygger og liknande som ein ser som naudsynt for å kunne utføre og tene det som naturleg høyrer med i drifta av ei småbåthamn. Godkjenning av tiltak og anlegg i sjø må godkjennast av Kystverket.

7.4 Naturområde i sjø og vassdrag (VNV)

Områda merka med o_VNV1 og o_VNV2 på plankartet er sett av til naturområde i sjø.

§ 8. Omsynssoner

8.1 Faresone høgspentanlegg

Område merka H370 gjelder sikkerheitssone under og rundt høgspentlinjer. Tiltak i desse områda skal

godkjennast av leidningseigar. Det kan gjennomførast nødvendig flatehogst. Det er ikkje tillate med tiltak som legg til rette for varig opphald innanfor dette området.

8.2 Soner med særlege omsyn

8.2.1 Bandlegging kulturminne

Naustområde (Omsynssone H730_1). Verneverdige bygningar skal behaldast slik dei ligg i dag.

Eksisterande bygningar i området kan berre ombyggast og moderniserast om eksteriøret blir behalde uendra. Det er ikkje tillate å gjere inngrep i strandsona.

Automatisk freda kulturminne (Omsynssone H730_2 og 3) er bandlagt etter kulturminnelova. Her ligg det eit busetnads- og aktivitetsområde frå steinalder og eit gravfelt frå jernalderen bestående av fire gravrøyser og ein bautastein. Det er ikkje tillate å setje i gong tiltak som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei automatisk freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje.

8.2.2 Bevaring kulturmiljø

Omsynssona H570_1 omfattar bufferareal for det automatisk freda kulturminne i H730_2. Innanfor H570_1 er det ikkje lov å køyre med tunge køyretøy, lagre anleggsutstyr eller byggemateriale, eller gjere inngrep i grunnen. Før arbeidet med riving av eksisterande bru tek til, skal Møre og Romsdal fylkeskommune kontaktast for å avklare om spesielle omsyn må takast gjennom anleggsarbeidet.

§ 9. Områdeføresegner

9.1 Mellombels massedeponi, rigg- og anleggsområde

Generelle føresegner for rigg- og anleggsområde:

- Rigg- og anleggsområde kan nyttast til all verksemd som er nødvendig for gjennomføring av veganlegget, slik som mellombelse bygningar og anlegg, mellombels lagring og vidareforedling av massar, lagring av stadeigen vegetasjon, oppstillingsareal for bilar/maskinelt utstyr m.v.
- Når områda blir tekne i bruk, skal dei sikrast på forsvarleg måte.
- Det kan anleggjast mellombelse vegar for handsaming av trafikk i bygge- og anleggsfasen.
- Der rigg- og anleggsbeltet kryssar avkøyrslar og tilkomstvegar/driftsvegar, skal anleggsdrifta planleggast og utførast slik at den ikkje hindrar bruken av desse i vesentleg grad.
- Matjord skal takast vare på og nyttast til tilbakeføring til landbruksareal. Matjord skal ikkje flyttast mellom ulike eigedomar.
- Det skal takast forholdsreglar for å unngå spreiding av framande artar og smittestoff, både gjennom flytting av vatn eller jord, samt bruk av utstyr eller massar som kan ha vore i kontakt med slike artar/smittestoff.
- Etter at anleggsperioden er over, og seinast i løpet av sommaren etter ferdigstilling av anlegget, skal alle berørte område settast i stand og såast i, eller vere naturleg revegetert. Områda skal deretter gå over til dei arealformåla som er vist i plankartet.
- Ved overskriding av støygrensene gitt i tabell 4 og 5 i retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) skal tilrådingane i kapittel 4 i rettleiaren til retningslinene (M-128 2014) følgjast.

Spesielle føresegner for det enkelte område:

- Område merka #1 er område for riving av eksisterande bru inkludert fundament.
- Område merka #2 er tilbakeføring av bruvegen på Igesund til landbruksformål.
- Områda merka #3 er anleggsbelte i samband med riving av eksisterande bru og fjerning av landkarfylling på Igesund.
- Områda merka #4, #6, #7 og #11 - #13 er anleggsbelte som kan nyttast til mellombelse vegar for avvikling av trafikk, lagring av massar og stadeigen vegetasjon mv. Når områda blir tekne i bruk, skal dei sikrast på forsvarleg måte. Matjord skal takast vare på og nyttast til tilbakeføring av landbruksareal.
- Område merka #8 vist på plankart 4/4 skal spesielt nyttast til riggplass med mellombelse bygg (brakker) og lagerområde for anleggsmaskiner og driftsutstyr.
- Område merka #9 vist på plankart 3/4 og 4/4 skal spesielt nyttast til riggplass for bygging av ny bru. Området kan også nyttast til mellombelse bygg (brakker), lagerområde for anleggsmaskiner og driftsutstyr og lagring av overskotsmasse. Etter avslutta anlegg skal området bakkeplanerast så langt det er tilgjengelege masser på anlegget.
- Område merka #5 vist på plankart 2/4 og 3/4 skal spesielt nyttast til anleggsveg for bygging av ny bru frå fjøra på Igesund og fram til hovudaksen til brua. Det skal berre byggjast anleggsveg på ei side av brua.
- Område merka #10 vist på plankart 1/4 og 2/4 er anleggsbelte for bygging av ny bru. Det er tillate å fjerne moloen i dette området i anleggsperioden.

9.2 Områdeføresegner RpBO – automatisk freda kulturminne

